

TELEMARK BONDELAG



ÅRSMELDING
2010

Vi får Telemark til å gro

**- langsiktighet,
sikkerhet og
best økonomi**



Enten du er storfeprodusent med 2 års produksjons-
syklus eller kyllingprodusent med 30 dagers opp-
foringstid, så ligger det et langsiktig perspektiv bak
investeringene i kjøttproduksjonen.

Da er det trygt å ha en samarbeidspartner med den
samme langsiktigheten som selve grunnlaget for sin

virksomhet. En samarbeidspartner som også
garanterer for avsetningen din, uansett hvor du bor
eller hvor stor produksjon du har. Men kanskje aller
viktigst: En samarbeidspartner med et overordnet mål
om å bidra til best økonomi for bonde - både på kort
og lang sikt.



gjensidige.no



GJENSIDIGE

ØKT TRYGGHET OG GODE RABATTER

Norges Bondelag og Gjensidige samarbeider
om trygghet for familie og gård. Som
medlem tilbys du gode rabatter og fordeler
hos oss.

**Kontakt oss på 03100, se
gjensidige.no eller kom innom vårt
kontor.**



TELEMARK BONDELAG



Årsmelding 2010

Minneord



Nils William Hegna 1950 – 2010

Det var med stor sorg vi mottok beskjeden om at tidligere leder i Telemark Bondelag, Nils William Hegna fra Bjørkedalen i Eidanger døde lørdag 24. april, knapt 60 år gammel. Bondelaget minnes en omgjengelig og trygg tillitsvalgt med hjerte for telemarkslandbruket.

Nils William Hegna var leder i Telemark Bondelag i årene 1997 til 2001 og før det nestleder fra 1994. Med humor, engasjement og en god replikk ledet han arbeidet i fylkesbondelaget. Nils William ønsket å finne samlende standpunkter, og var opptatt av å få fram alle sider av en sak underveis i behandlingen før det skulle trekkes en konklusjon.

Med sine kontaktskapende evner og sin rause personlighet opparbeidet Nils William tillit og god kontakt med medlemmer og lokale tillitsvalgte i alle deler av fylket. Med sitt utgangspunkt og bosted i nedre del av fylket, så han det som viktig gjennom perioden i ledervirket å bli kjent med hele Telemark og ha kunnskap om landbrukets vilkår i de ulike bygdene. Vi vet at det er mange i bondelaget som satte pris på kontakten og dialogen med Nils William i hans tid som fylkesleder.

Han fikk også en periode oppgaven som styreleder for Dyrsku'n i Seljord, og var oppnevnt som landbrukets representant til regionstyret for Statens Nærings- og distriktsutviklingsfond (nåværende Innovasjon Norge). Før engasjementet på fylkesnivå i bondelaget, satt han en periode i Porsgrunn bystyre for Senterpartiet.

Nils William Hegna var opptatt av landbrukets omdømme mot det øvrige samfunnet, og han var en god ambassadør for næringa. Gjennom sitt engasjement i brorens butikkvirksomhet møtte han mennesker også som kunder og forbrukere av landbrukets varer. Dette var erfaringer tok han med seg i arbeidet som bondelagstillitsvalgt, og som han så som viktige for landbrukets kommunikasjon ut mot omverdenen. Det er mange i landbruket som kan lære av Nils Williams eksempel når det gjelder å skape forståelse for næringas vilkår ute blant andre mennesker og grupper i samfunnet.

Telemark Bondelag minnes i dag en god kollega og venn. Nå går tankene våre til de aller nærmeste som har mistet en god og trygg ektemann, far og bestefar. Vi lyser fred over minnet etter Nils William Hegna.



Steinar Straume 1957 – 2010

Det var svært trist å få meldinga om Steinar Straume sin bortgang 8. desember. Han blei brått sjuk under eit ferieopphald på Cuba og livet sto ikkje til å redde.

Steinar Straume var i ei årrekke tillitsvald på ulike nivå i bondelaget, og han var leiar for Telemark Bondelag i perioden 2001 – 2007. Før det var han styremedlem frå 1995, og dessutan lokallagsleiar i Drangedal og Tørdal Bondelag ein periode.

I Steinar Straume hadde bøndene i Telemark ein svært solid og klartenkjande talsmann, som evna å sjå dei prinsipielle og sentrale poeng i sakene bondelaget er engasjert i. Han var sterk på det faglege og sette seg godt inn i saker. Når Steinar hadde tatt eit standpunkt, kunne ein vere trygg på at det var gjennomtenkt og godt grunngitt. Mange av oss opplevde å få større innsikt og kunnskap når vi drøfta og samtalte med Steinar. Han var heller ikkje redd for usemje, men skilte mellom person og sak, og leia styrearbeidet med stødig hand fram til samlande konklusjonar.

Steinar var beskjeden på eigne vegner og ønskte ikkje å framheve seg sjølv. Han viste kollegaer og medarbeidarar rundt seg stor tillit, og gledde seg med andre når dei lukkast. Men den som blei kjent med han kunne også sjå glimtet i auga bak brilleglasa, og fekk gjerne ein rask replikk med snert i med seg på veggen.

Sjølv var Steinar ein sær dyktig bonde og husdyrhaldar. Heime på Straume i Drangedal bygde han opp ein av dei større mjølkeproduksjonane i fylket. Han viste korleis eit bruk med eit etter måten beskjedent ressursgrunnlag, kan utviklast til ein heiltids arbeidsplass i jordbruket. Måten han forvalta og utvikla heimegarden på, er eit eksempel til etterfølging i telemarkslandbruket.

I tillegg til vervet som fylkesleiar i Telemark Bondelag, var Steinar styreleiar både i Telemark Landbrukselskap og i Dyrsku'n Arrangement i Seljord. Han var opptatt av å utvikle Dyrsku'n som møteplass og utstillingsvindaug for landbruk, bygdenæringar og kultur og bidrog til den utvidinga av aktivitet og verksemd som har skjedd på Dyrsku'plassen.

Det er mange som kjenner sorg ved Steinar Straume sin alt for tidlege bortgang. Størst er likevel saknet hos dei aller næraste, nå går tankane vår til sambuar Hilde, far til Steinar og brørne hans med familiar. Vi lyser fred over minnet etter Steinar Straume.

BONDESANGEN

All kultur er dyrken -
først og fremst av jord,
der er moderstyrken,
først bak ploegen gror
samfunnslivet frem,
bygd og by og hjem,
første bonden var
hele landets far.

Sterk som havets bølge,
Norges Bondestand,
sine fedre følge,
tro mot Gud og land.
Bølg til tegn derpå
blad og aks og strå,
bølg fra støl til strand
om vårt fedreland.

Innhald

Side

Årsmøtet 2010	6
Æresmedlem	9
Tillitsvalde i fylkeslaget	9
Representasjon	11
Fylkeskontoret	13
Styret sitt arbeid	14
Saker til høyring	14
Samfunnskontakt	44
Organisasjonsarbeid	50
Prosjekt	59
Meldingar	63
Rekneskap	65
Medlemsoversikt	69
Leiarar og kasserar i lokallaga	70
Rekneskapskontor	72

Årsmøtet 2010

Telemark Bondelag hadde årsmøte på Bø Hotell, Bø 12. og 13. mars 2010.

Møtet starta fredag kveld med debatten: Ny stortingsmelding om landbrukspolitikken. Følgjande innleide til debatt: Terje Lien Aasland, stortingsrepresentant og leiar av næringskomiteen på Stortinget, Brita Skallerud, 2. nestleiar, styret i Norges Bondelag og Hildegunn Gjengedal, politisk rådgjevar i Landbruks- og matdepartementet.

Ordinært årsmøte laurdag. Møteleiar, Tone Edland, ønskte vel møtt til årsmøtet.

Det møtte 24 representantar frå 19 lokallag. I tillegg til styret møtte det representantar frå Telemark Bygdekvinneleg og styret i Norges Bondelag og Telemark Bondelag, i alt 33 representantar.

Frå Norges Bondelag møtte 2. nestleiar, Brita Skallerud frå Akershus.

Innkalling og sakliste blei samrøystes godkjent. Lars Arne Kjellemo, Lunde og Flåbygd Bondelag og Åse Breiland, Fyresdal Bondelag blei valt til å skrive under protokollen. Årsmelding og rekneskap blei samrøystes godkjent. Årsmøtet gjorde også vedtak om godtgjering til tillitsvalde i fylkeslaget.

Fylkesleiar Kjell A. Sølverød heldt tale til årsmøtet og var innom følgjande tema: jordbruksforhandlingane 2009, egg og 2012, korn/kraftfôr, grøntmiljøet i nedre Telemark, beitedyr, ta gardens samla resursar i bruk, rekruttering, rovdyr.

Brita Skallerud, 2. nestleiar til styret i Norges Bondelag, innleide til debatt om situasjonen føre jordbruksforhandlingane og andre aktuelle saker i for Norges Bondelag.

I tilknytning til Sølverød og Skallerud sine foredrag, årsmelding og rekneskap blei mange aktuelle saker tatt opp.

Årsmøtet vedtok arbeidsplan for 2010-2011:

- Eigne medlemmar - lokallag
 - Kontakt fylkeslag – lokallag
 - Skulering
 - Medlemsverving
 - Medlemsinformasjon
- Informasjonsarbeid/media
 - Årlege arrangement
 - Barn og ungdom
- Politisk arbeid
 - Jordbruksforhandlingane 2010
 - Ny stortingsmelding om landbruk
 - WTO og EU
 - Landbrukspolitiske strategiar

- Landbruksbasert næringsutvikling
- Areal- og grunneigarsaker
- Rovviltforvaltning
- Helse, miljø og tryggleik
- Samvirket

Årsmøtet vedtok følgjande fråsegn:

Økt inntekt avgjørende for rekruttering til landbruket

Norsk landbruk og næringsmiddelindustri er en svært viktig bidragsyter til velferdssamfunnet. I tillegg til mat produserer landbruket fellesgoder som miljøgoder, bosetting, dyrevelferd og kulturlandskap.

Landbruket er en av de få komplette verdikjeder vi har i Norge. Det er overordna viktig å styrke denne verdikjeden i alle ledd, og den nye stortingsmeldinga må legge grunnlaget for dette.

Rekruttering

For å styrke landbrukets verdikjede er det helt avgjørende å sikre rekrutteringa til gardsbruka. Vi ser ei urovekkende utvikling, der landbruket taper konkurransen om ungdommen med andre næringer.

Noen forhold er avgjørende for å få opp rekrutteringa, og må behandles grundig i stortingsmeldinga:

Inntekt og lønnsomhet

Inntektene i landbruket må opp. Det må bli mer samsvar mellom det bonden tjener på sin produksjon, og pris- og kostnadsnivået i samfunnet ellers. Derfor må bonden må få mer betalt for de produktene som leveres.

Bondens inntekt fortjener et nytt opptrappingsvedtak!

Fellessgodene landbruket produserer må bli satt mer pris på. Mye av begrunnelsen for å ha en aktiv offentlig landbrukspolitikk ligger i at landbruket produserer fellesgoder for samfunnet. Da er det et stort tankekors at godtgjøringa for dette arbeidet er redusert over lang tid. I dag er landbrukets andel av statsbudsjettet i underkant av 1,5 prosent Den nye stortingsmeldinga må gå inn for å doble denne andelen. Det vil si å bli på størrelse med andelen tilbake i 1998.

Telemark kan øke sin relative del av den nasjonale matproduksjonen, og produksjonsinntektene. Det er rom for å intensivere noe både innenfor husdyrholdet og i planteproduksjonen i vårt fylke, uten at det gir negative konsekvenser for klima og miljø. Tvert om kan for eksempel mer utnytting av beite- og grovfôrareale gi gevinster både for miljø og klima, og samtidig forbedre skjøtselen av kulturlandskapet. Det er spesielt viktig å få opp lønnsomheten i arealbruken.

Investeringer og kapitaltilgang

Landbruket står overfor store utfordringer når det gjelder investeringer og gjeld. Det

er heller ikke investert nok i vedlikehold av areal og nydyrking eller i driftsbygninger.

Det er avgjørende viktig at landbruket får tilgang til mer og billigere investeringskapital. Det må etableres fondsordninger med skattefordeler for bruk til investeringsformål og ved eierskifte. Avskrivingsreglene for driftsbygninger i landbruket må endres slik at de sammenfaller med den reelle levetida til bygningene.

Ta hele garden i bruk

Telemark Bondelag har gjennom mange år arbeida for en utvidelse av landbruksbegrepet, og ser dette som et sentralt krav opp mot ny landbruksmelding.

Ved å utvide landbruksbegrepet i aktuelt lovverk, slik som i Plan- og bygningsloven, kan næringsutvikling innen reiseliv og utmarksnæring gi økte inntektsmuligheter, også innenfor verneområder.

Den nye landbruksmeldinga må inneholde ei forpliktende opptrapping for å ta gardens samla ressurser i bruk. For eksempel innen lokalmatproduksjon, grønt reiseliv og Inn på tunet.

Bonden må få tilbake mer av råderetten over gardens ressurser, for å styrke den landbruksbaserte næringsvirksomheten på eiendommen. Dette gjelder spesielt på areal som er råka av vern etter naturmangfoldsloven.

Rovvilt legger beslag på store landområder som tradisjonelt har vært nytta til utmarksbeite. Dette fører til tap av kulturlandskap, rødlistearter og millioner av kroner i form av beiteressurser. I forvaltningsregion 2 er det gaupe som er den største skadegjører. Den store veksten i gaupestammen har avvikla sau på utmarksbeite i nedre Telemark. I den nye landbruksmeldinga må det stå at gaupeallet skal reduseres ned til bestandsmålet.

De såkalte ”streifende” dyr av ulv og bjørn er et stort irritasjonsmoment for Telemark. Rovviltmeldinga fra 2004 har heller ingen klar definisjon på streifende kontra bofaste rovdyr, det må den nye landbruksmeldinga inneholde. I tillegg bør meldinga inneholde reduserte bestandsmål for ulv og bjørn.

Kompetanse

Skal landbruket være attraktivt for unge mennesker må vi legge mer vekt på nivået og utviklinga av kompetanse i næringa.

Vi må ha ei faglig god grunnutdanning i landbruk og naturbruk. Som ei påbygging til dette trengs tilbud i faglig spesialisering som tar hensyn til de ulike produksjonsgreinene i landbruket.

Landbruksutdanninga må utformes slik at formelle krav og sertifikat blir inkludert i utdanninga, for eksempel sprøytesertifikat. Utdanninga må også bidra til å høyne næringsutøvernes status

Mange tar landbruksutdanning først i voksen alder, det er derfor nødvendig å ha

gode utdanningstilbud tilpassa yrkesaktive voksne med familie- og omsorgsansvar. Gjennom den nye stortingsmeldinga må det legges inn et nytt gir som styrker rådgivinga og kompetansetilbudet i landbruket. Landbruket er og vil alltid være ei kunnskapsbasert næring.

Æresmedlem

Olav K. Jørgedal vart utnemnd til æresmedlem i 1996. Han fekk Kongens fortene-temedalje i sølv i 1999.

Tillitsvalde i fylkeslaget

Styret:

Kjell A. Sølvørød, 3748 Siljan, leiar
Tone Edland, 3895 Edland, nestleiar
Olav S. Nordbø, 3690 Hjartdal
Jon Midtbø, 3800 Bø
Synne Vahl Rogn, 3960 Stathelle
Borghild Hardang-Hanto, 3825 Lunde, Telemark Bygdekvinne-
lag (Telemark Bygdeungdomslag har ikkje hatt aktivitet i 2010)

Vararepresentantar:

1. Knut Draugedal, 3864 Rauland
2. Ann Kristin Teksle, 3830 Ulefoss
3. Eivind Klevar, 3812 Akkerhaugen

Arbeidsutval:

Kjell A. Sølvørød
Tone Edland
Amund Johnsrud

Revisorar:

Auver Brokka, 3840 Seljord
Torstein Sannes, 3810 Gvarv

Vararepresentantar:

Einar Haugen, 3810 Gvarv
Anund Holte, 3810 Gvarv

Utsendingar til årsmøtet i Norges Bondelag:

Tone Edland, 3895 Edland
Synne Vahl Rogn, 3960 Stathelle
Jon Midtbø, 3800 Bø
Vararepresentantar:
Knut Draugedal, 3864 Rauland

Ann Kristin Teksle, 3830 Ulefoss
Eivind Klevar, 3812 Akkerhaugen

Aksjonsutval:

Styret fungerer som aksjonsutval og kan om nødvendig utvide utvalet med 2 medlemmer.

Møteleiar for årsmøtet i 2011:

Nestleiar i styret.

Grøntutval:

Per Arne Hoppestad, 3721 Skien, leiar
Morten Rogn, 3960 Stathelle
Kjetil Nyhus, 3810 Gvarv
Thomas Timland, 3692 Sauland (døydde sept. 2010)
Gunnar H. Li, 3800 Bø
Jorid Vale, 3810 Gvarv
Eivind Klevar, 3812 Akkerhaugen



Frå leiarkonferansen i Norges Bondelag, frå venstre: Leiar i Norges Bondelag, Nils Bjørke, er omkransa av telemarkingane Kjell A. Sølverød og Synne Vahl Rogn.

Vararepresentantar:

Harald Myrene, 3800 Bø
Roar Meen, 3711 Skien

Korn- og frøutval:

Lars H. Roe, 3812 Akkerhaugen, leiar
Per Hoppestad, 3721 Skien
Halvor S. Skoe, 3800 Bø
Dagfinn Sem-Jacobsen, 3677 Notodden
Jon Midtbø, 3800 Bø
Norsk Landbruksrådgiving Østafjells, Telemark Frøalslag, Felleskjøpet Agri og prosjekt Økolom vert inviterte til å stille med kvar sin representant i utvalet.

Valnemnd:

Åge Vrålstad, 3750 Drangedal
vararep. Claus Bergsland, 3960 Stathelle
Erik Hesby Håtveit, 3848 Morgedal
vararep. Kirsti Sandland, 3891 Høydalsmo
Ester Ryen Traen, 3656 Atrå
vararep. Lars S. Tveitan, 3683 Notodden
Anne Grethe Evju, 3810 Gvarv
vararep. Lars Arne Kjellemo, 3825 Lunde
Odd Stensrød, 3748 Siljan
vararep. Arnfinn Serkland, 3748 Siljan

Representasjon

Telemark Landbruksselskap, styret:
Kjell A. Sølverød, 3748 Siljan

Dyrsku'n Arrangement, styret:

Kjell A. Sølverød, 3748 Siljan

Fylkesmannen i Telemark, Kontaktutval:

Kjell A. Sølverød, 3748 Siljan
Amund Johnsrud, 3800 Bø

Kontaktutval for rovviltsaker i Telemark

Tone Edland, 3895 Edland

Landbrukets HMS-teneste, Regiongruppe Telemark:

Jon Midtbø, 3800 Bø, leiar
Neri Hestetun, 3800 Bø
Ove Kringlegarden, 3895 Edland
Amund Johnsrud, 3800 Bø

Gjensidige. Samarbeidsforum, Vestfold, Buskerud, Telemark, Agder:

Kjell A. Sølverød, 3748 Siljan
Tone Edland, 3895 Edland
Amund Johnsrud, 3800 Bø

Gjensidige, Region Sør, Eigartutvalet:

Bergit Li, 3800 Bø

Distriktsrådet for HV-03 (felles for Telemark og Buskerud):

Per G. Spiten, 3614 Kongsberg
vararep.: Lars Vassend, 3914 Porsgrunn

Innovasjon Norge. Regionstyre for Telemark:

Tove B. B. Hoppestad, 3721 Skien

Styret for stipendiefondet:

Leiaren i Telemark Bondelag, leiaren i Telemark Bygdeungdomslag og ein representant frå AT Skog.

Samarbeidet med samvirkeorganisasjonane. "Samarbeidsrådet Aust":

Kjell A. Sølverød, 3748 Siljan
Tone Edland, 3895 Edland
Amund Johnsrud, 3800 Bø (Forum for organisasjonsansvarlege)

Norges Bondelag - representantskapet:

Kjell A. Sølverød, 3748 Siljan
Simon Helge Dahl, 3715 Skien (rep. for Gartnerhallen)

Norges Bondelag – styret:

Synne Vahl Rogn, 3960 Stathelle

Norges Bondelag – fagutval for Inn på tunet:

Vetle Øverland, 3739 Skien

Bondens Marked, Telemark. Styret:

Amund Johnsrud, 3800 Bø, 1. vararepresentant

Prosjekt Den raude låve. Sauherad, Bø og Notodden. Styringsgruppe:

Astrid Staurheim, 3800 Bø (rep. for Telemark Bondelag)

Prosjekt mjølk i Telemark. Styringsgruppe:

Kjell A. Sølverød og Amund Johnsrud

Kompetanseprogrammet for landbruket - faggruppe i KSL Matmerk/Etter- og vidareutdanningsfondet - Fondsstyret:

Amund Johnsrud, 3800 Bø (rep. for Norges Bondelag)

Handlingsplan for landbruket i Vest-Telemark:

Tone Edland, 3895 Edland

Fylkeskontoret

Telemark Bondelag har kontor på Brenna og leiger lokale av Sauherad kommune. Bondelaget samlokalisert med Midt-Telemark landbrukskontor, Norsk Landbruksrådgiving Østafjells og AT Skog.

Post- og besøksadresse: Landbrukets hus, Bøvegen 271, 3810 Gvarv

Telefon: 35 95 90 30

E-post til Telemark Bondelag: telemark@bondelaget.no

Telemark Bondelag sine heimesider: www.bondelaget.no/telemark

Felles portal for Landbrukets hus: www.landbruketshus.no

Kontoret er Norges Bondelag sitt sekretariat i Telemark. Kontoret utfører sekretærarbeid for Telemark Bondelag og Telemark Bygdekvinneleg.

Kontoret er til teneste for lokallag og medlemmer så langt det er mogleg.

Amund Johnsrud er organisasjonssjef og dagleg leiar av kontoret. Bergit Li er førstekonsulent. Norsk Landbruksrådgiving Østafjells utfører ein del sekretærarbeid for grøntutvalet.

Telemark Bondelag har avtale om rettshjelp med følgjande advokatar:

Advokat Nils Juel

Postboks 14, 3831 Ulefoss

tlf. 35 94 92 90, e-post: advjuel@online.no

Advokatene Skjelbred, Schelver, Husaas og Klausen

v/advokat Lars Skjelbred

Postboks 339, Sentrum, 3701 Skien

tlf. 35 58 77 77, e-post: adv.ssh@online.no

Advokat Torkel Moen

Møterett for høgsterett

Postboks 3059 Handelstorget, 3707 Skien

Tlf. 35 90 03 20, e-post: moen@erikstein.no

Styret sitt arbeid

Det er i 2010 halde 11 styremøte og handsama 56 saker. Arbeidsutvalet har hatt 2 møte. Dei viktigaste sakene er:

Saker til høyring

1. Jordbruksforhandlingane 2010

Telemark Bondelag inviterte samvirkeorganisasjonane og faglag i telemarkslandbruket til møte med fylkesstyret for å drøfts spørsmål og saker framfor årets jordbruksforhandlingar.

Følgjande uttale er sendt Norges Bondelag:

1. Hovudprioriteringar

Styret i Telemark Bondelag vil peike på følgjande som hovudprioriterte område framforårets jordbruksforhandlingar:

- Mjølkeproduksjonen
- Investeringsverkemidlar
- Fraktordningar
- Velferdsordningar

2. Politisk ramme og inntekt

Jordbruksforhandlingane i 2009 resulterte i ei ramme på 1000 mill kr. (+ 200 mill kr. i ei særskilt investeringspakke). Inntektsmessige føresetnader for denne ramma er mellom anna:

- Skal dekkje kostnadsveksten frå 2009 til 2010
- Gi lik prosentvis inntektsutvikling som for andre grupper, samt ei nivåheving som tilseier at inntektsveksten også blir kronemessig som for andre grupper
- Skal dekkje opp manglande inntektsvekst for perioden 2007-2009 som følgje av svikt i avtalas føresetnader

I perioden frå 2006 har jordbruket fått gjennomslag for prinsippet om å korrigere for manglande inntektsvekst, når føresetnadene i avtala ikkje vert oppfylte. Ved årets forhandlingar ser vi det som særleg viktig at dette vert gjort i forhold til kostnadsutviklinga for siste år. Sidan ein ikkje forhandlar om kostnadssida i jordbruksopp-gjeret, men bare må "ta den til etterretning", er det avgjerande viktig å korrigere for kostnadsbildet i etterkant, og fyller på med midlar slik at inntektene held unna for kostnadene.

I tidlegare år er kostnadsutviklinga ikkje tillagt nok vekt, og det er etter vårt syn ein viktig årsak til at inntektene i jordbruket har falle akterut i forhold til andre grupper.

Vi minner også om den nye regjeringsplattforma frå i haust, som slår fast målet om å vidareutvikle inntekts- og velferdspolitikken for landbruket. Det kan etter vårt syn ikkje tolkast på annan måte enn som ei erklæring om å tette inntektsgapet mellom

landbruket og andre grupper. Vi krev at regjeringa nå tar steg for å realisere dette målet. Det er ingen grunn til å vente på den nye stortingsmeldinga for å gjere noko her. Marknadsmessige problem for fleire av kjøtslaga og utilstrekkeleg tollvern for ost og fleire grøntprodukt, er døme på faktorar som motverkar realiseringa av den fastsette målprisen. Årets forhandlingar må derfor handle om å auke budsjettmidlane i avtala, av minst to grunnar:

- Vidare auke i pris vil for mange produksjonar ikkje vere mogleg å ta ut, av marknadsmessige årsaker.
 - Einsidig satsing på pris reduserer moglegheitene for utjamning av årsverksinntekt internt i næringa, mellom store og små bruk og mellom produksjonar.
- Ved årets forhandlingar må ein difor prioritere å få på plass ei avtaleløysing som sikrar reell inntektsvekst for alle produksjonar, og der auken i ramma i all hovudsak vert finansiert med midlar over statsbudsjettet.

Jordbruksfrådraget

Gjennom fleire års forhandlingar er det etablert eit eige jordbruksfrådrag. Ein bør utvide grunnlaget for jordbruksfrådraget noko ved å definere inn inntekt frå tilleggsnæringar som grunnlag for jordbruksinntekt, til dømes frå utmarksnæring. Tilleggsnæringane det er snakk om, må ha utgangspunkt i gardens ressursar, slik at ein får ei avgrensing mot generell næringsverksemd.

3. Investeringar

Investeringspakke utanfor avtaleramma

Ordninga frå 2009 med ei investeringspakke som eit tillegg til den ordinære inntektsramma ved jordbruksopp-gjeret, bør vidareførast. Dette må sjølvsagt ikkje brukast som argument for å gjere den ordinære avtaleramma lågare enn den elles ville blitt. Investeringspakke må kome som eit reelt tillegg.

I andre næringar blir investeringsmidlane ikkje rekna som ein del av inntekta. Det bør greiast ut om det same kan skje for landbrukets del, og. Men vi presiserer at investeringsmidlane framleis må vere eit saksområde som inngår i jordbruksforhandlingane.

Auka tilskotsprosent og beløpsgrense

Det er nødvendig å heve tilskotsprosenten, spesielt for investeringar som skjer som følgje av krav til dyrehelse og arbeidsmiljø/hygienekrav. Dette er investeringar som i liten grad bidrar til betre lønsemd eller høgare inntekt i seg sjølv, og dei er jamt over tyngre å bere for små og mellomstore bruk enn for bruk med stor produksjon. Slike investeringskrav er ein vesentleg årsak til at mange bønder sluttar, spesielt innanfor husdyrproduksjonane. Einhøgare tilskotsandel ville hjelpe på i slike situasjonar.

Grensa for investeringstilskot pr. bruk bør hevast utover dagens nivå på kr. 750 000, og rentestøtteordninga bør få større rammer.

Høgare tilskotsprosent og maks-beløp gjer det nødvendig å auke den totale ramme-løyvinga til BU, hvis ikkje vert konsekvensen at alle bare får mindre.

Det bør lagast målretta finansieringsordningar som er gunstige ved eigarskifte/rekruttering av nye brukarar.

For det særskilte investeringsbehovet i mjølkeproduksjonen, viser vi til det felles brevet frå fylkesbondelaga i Aust-Agder, Vest-Agder og Telemark

Fondsordning med skattefordel

Det bør bli mogleg å etablere ei investeringsfondsordning med skattefordel og renter. Fondet bør følgje garden og ikkje brukaren, m.a. for å lette nyinvesteringar ved eigarskifte. Det må verte lovleg å leggje pengar frå gardsskogbruket inn i fondet. Dette vil kunne samanliknast med tilsvarande tiltak som vart nemnt i samband med statlege krisepakker for næringslivet

Fondsordninga bør rette seg spesielt mot investeringar som gir ein miljøfordel i gardenes produksjon, inkludert grøfting.

Det er eit stort økonomisk løft å investere i nybygg. Ein del av dei som må investere i anlegg nå, har eksisterande anlegg som det gjenstår vesentlege beløp å nedskrive, til dømes innan egg/fjørfe. For at ikkje det økonomiske løftet ved ei ny investering skal bli for stort, kan det vere det nødvendig med ei ekstraordinær nedskrivning av desse ”gamle” anlegga.

Ein må forenkle regelverket for å søkje lån i Innovasjon Norge. Kompliserte reglar og skjema gjer at mange lar vere å søkje.

4. Tilskot og bruksstruktur

Fraktordningar

Ved årets forhandlingar må ein prioritere å få på plass gode og varige fraktordningar som utjamnar kostnader ved frakt av levande dyr frå produsent til slakteri og for mellomfrakt. Utjamning av fraktkostnader er avgjerande for å kunne ha eit landbruk over heile landet, uavhengig av avstanden mellom bonden og mottaksanlegget.

Satsane for frakt må tilpassast kostnadene ved dei ulike dyreslaga, og leggje til rette for opplasting og stopp som er rasjonell både for bonde og varemottakar. Fraktordningane må også ta omsyn til miljøbelastningane ved transport, vere konkurranse- nøytral mellom dei ulike varemottakarane, samt enkel og billig å administrere.

Vi må unngå at anleggstrukturen styrar strukturen i primærproduksjonen. Å halde ein lønsam desentralisert produksjon handlar også om risikospreiing ved avlings- skade, sjukdomsutbrot o.l.

Fleire driftstilskot pr. bruk

Det er innført to driftstilskot for føretak med kumjølkeproduksjon og ammekyr i spesialisert kjøtfeproduksjon. Modellen med driftstilskot til fleire produksjonar pr. bruk

bør utvidast til andre kombinasjonar, også, slik som sau/ammekyr. Det vil styrkje dei bruka som har eit mangesidig driftsopplegg. Ei utviding med fleire driftstilskot pr. gard kan kombinerast med å innføre eit samla tak for kva ein kan få av driftstilskot.

Avkortingar i produksjonstilskotet

Botnfrådraget bør vidareførast på dagens nivå. Om ein fjernar dette frådraget heilt, vil det koste midlar som nå kan brukast meir målretta mot prioriterte område i landbruket.

Beitetilskot

Ordninga med eit nasjonalt beitetilskot, meiner vi er ein god og målretta ordning, som bør utviklast vidare. Det er viktig å få auka ramma for beitetilskotet vesentleg.

Vi viser også til vårt felles krav med Agder om ei femårig forsøksordning med ekstra beitetilskot i vår region.

Maksimalt innmarksareal som ein kan få tilskot for pr. ku bør aukast frå 7 da til 9 dekar. Dette vil vere å styrkje det beitebrukande storfeholdet si rolle mtp. landskapspleie.

Omrekningsfaktoren for beiteareal i forhold til fulldyrka bør aukast frå 0,6, slik det er i dag, til 0,7. Dette siste for å stimulere til auka bruk av gamal beitemark.

Arealtilskot, grovfôr

Arealtilskotet til grovfôr bør aukast, og ein bør løfte avgrensinga av det første intervalleret opp til 300 dekar. Det kan bidra til å styrkje økonomien noko for dei som satsar innan dei beitebrukande kjøtproduksjonane, samt for mjølkeprodusentane. Ei differensiering over/under 300 dekar vil etter vår vurdering ivareta ein tilfredsstillande strukturprofil. Auken i tilskot må kome som friske budsjettmidlar, og ikkje som resultat av ei omfordeling.

5. Korn og kraftfôr

Låge avlingar i 2009 og høg kostnadsvekst dei siste åra gjer at økonomien i kornproduksjonen ikkje har utvikla seg etter føresetnadene, sjølv om målprisen har auka med 36 øre i perioden 2006-2009. Ved oppgjeret i år og framover må ein bruke andre verkemidlar enn pris for å styrkje kornøkonomien. Dette er også nødvendig av omsyn til økonomien i dei kraftfôrkrevjandeproduksjonane i norsk landbruk. For Telemark sin del ser vi at det er eit ”overskot” av areal til grovfôr i forhold til husdyrtalet. Det er difor etter vårt syn riktig å sikre ein økonomi i kornproduksjonen som bidrar til å halde oppe kornarealet i fylket.

Nytt grunntilskot

Økonomien i kornproduksjonen bør styrkast ved å innføre eit nytt grunntilskot. Det er ei ordning som sikrar kornprodusentanes økonomi, utan at det går utover øko-

nomien til husdyrproduzentane. Eit grunntilskot kan også målrettast mot den aktive kornprodusenten, og vil ikkje presse jordleigeprisane på same måten som ein auke i arealtilskota vil gjere.

Energiklasse for korn

Ein bør sjå på moglegheiten for å innføre ein eigen energiklasse for førkornet som ikkje held mål kvalitetsmessig, og kornkjøparane må differensiere meir pga kvalitet. Som ein del av det same kvalitetsfokuset må avtalepartane vurdere å ta inn prisdifferensiering etter kvalitet som ein del av jordbruksforhandlingane.

Protein

Prisen må stimulere proteinrike sortar og kvalitetar med tanke på å redusere import av førststoff til kraftfôr. Av same grunn bør det stimulerast til meir produksjon av oljevekstar, og erter.

Lagring/beredskap

Lagring er viktig for å sikre ein langsiktig god kvalitet på kornråvarene. Her er det behov for eit løft.

Fraktilskot

Det er nødvendig å auke satsane for innfrakt og mellomfrakt pga. auka transportkostnader

Tilskot til prisnedskrivning

Tilskotet til prisnedskrivning skal vidareførast på dagens nivå. (Vedtatt med 5 stemmer).

Tilskot til prisnedskrivning er eit verkemiddel som reduserer kostnadene i det kraftfôrkrevjande husdyrhaldet, og det styrkjer norsk korns konkurransevne mot

import. Det er nødvendig å styrkje økonomien i husdyrhaldet, og avtalepartane må vurdere å auke dette tilskotet som ein del av ei samla pakke for husdyrhaldet. Ei styrking av økonomien i husdyrhaldet må ikkje skje ved å redusere kornprodusentanes inntekter. (Dette forslaget fekk 1 stemme i styremøtet)

6. Frukt, grønt og potet

I høve til den generelle prisutviklinga kan målprisane aukast for kulturar som potet, knollselleri og gulrot. Ein kan og vurdere ein generell målprisauke for frukt

AK-tilskot/DK-tilskot

Vi bed om ein auke her på alle vekstar, spesielt for potet. Ein auke må også gjelde for økologiske produkt. Vi foreslår at intervalla for AK-tilskot framleis vert delte som nå, men at den øvre avgrensinga til 60 dekar for grønnsaker og 40 dekar for frukt og bær bør aukast noko.

Vi meiner at DK-sonene markerer ein god distriktsprofil og at satsane bør aukast. Ei heving av kvantumsgrensa frå 50 til 60 tonn for frukt og frå 38 til 45 tonn for bær vil vere eit positivt signal for produsentar som ikkje har fleire produksjonar i kombinasjon, og vil stimulere til auka produksjon.

Tilskot til fruktlager

Minstekvantumet bør aukast frå 100 tonn til 500 tonn for å få rett til tilskot. Dagens tilskot stimulerer ikkje til ein rasjonell lagerstruktur.

Erstatningsordning ved avlingsskade

Erstatningsordningane bør potet likestillast med frukt og bær når det gjeld erstatning for tapt avling. Verdien, og ikkje kg/dekar må leggest til grunn når erstatninga skal reknast ut. Kvalitetskrava er stramma mykje inn i potetproduksjonen dei siste åra.

7. Mjølke, ku

Det er nå nødvendig å gi mjølkeproduksjonen i Telemark og Agderfylka eit økonomisk løft, for å sikre at ein framleis kan snakke om å ha ein produksjon over heile landet.

Fylkesbondelaga i Telemark, Aust-Agder og Vest-Agder har sendt inn eit felles kravdokument med tiltak som skal bidra til målet, som er stoppe nedgangen i talet mjølkeprodusentar i dei tre fylka. Tiltaka vi foreslår er:

- Investeringspakke mjølke: Ekstra investeringstilskot i regionen på kr 250.000, eller at det vert oppnådd 30 prosent av kostnad for investeringar i mjølkebruk. Utvide ramma for rentestøtte
- Ekstra driftstilskot i regionen på kr. 10 000 pr mjølkebruk
- Stimulere til nyetableringar, minst 5 nye produsentar i regionen kvart år. Nyetablerarar skal få kjøpe mjølkekvote til halv pris og verte prioritert ved investeringsøknader
- Forsøksordning med ekstra beitetilskot, I ein femårsperiode aukast beitetilskota på inn- og utmark med høvesvis kr 200,- for storfe og kr 75,- for småfe.

Utover det som er nemnt i det felles brevet med Bondelaga på Agder, vil vi understreke trongen for å endre tollvernet for mjølke frå krone- til prosenttoll. Det er nødvendig for å utnytte handlingsrommet innanfor gjeldande WTO-avtale mtp. prisuttak.

Kvotar/samdrift

Vi vil vidareføre dagens kvoteordning med dei taka som er sette for einskildbruk og samdrifter på høvesvis 400 000 og 750 000 liter. Det bør ikkje lenger vere tak på tal deltakarar i samdrifta. Avstandskravet må vidareførast men med moglegheit til å få unntak i grisgrendte strom, der det er naturleg lang avstand til aktuelle samdriftspartnarar.

(Dette avsnittet om kvotar/samdrift blei vedtatt mot 1 stemme.)

Leige av kvotar bør utvidast, slik at samdrifter kan få leige kvotar inn til samdrifta, opp til kvotetaket på 750 000 liter. Det bør verte mogleg å leige bort sovande kvotar.

8. Geit

Det er nødvendig å stoppe nedgangen i talet på bruk med geitmjølkproduksjon. Det har ikkje vore nyetableringar dei siste 20 åra. Ein ser no at ein kan ha vanskar med å halde oppe miljøet innan kjerneområda for geit, utan at nye kjem inn i næringa. Derfor må vi no tenkje langsiktig, ”Geit 2020”

Kumjølkprodusentar innan kjerneområda får omgjera opp til 50 000 liter til geitekvote med forholdstal 1: 1. For overskytande volum bør forholdstalet vere 1:2.

Det kan opnast for nyetableringar i eit fylke innan kjerneområdet, dersom eit fylke har ein nedgang på geitmjølkprodusentar meir enn 10 % i høve til året før. Dersom eit kjerneområde har 20 produsentar, vil ein nedgang på 3 produsentar utløyse ei nyetablering.

Første punktet meiner vi at kan innførast i år, det andre punktet må oversendast til rådgjevande gruppe for geit for nærare drøfting med tanke på tingingane 2011 i høve til storleik, omsetteleg/ikkje omsetteleg kvote m.m.

Ved kjøp og sal av geitmjølk-kvotar og nyetablering, bør partane sjå på soneinndeling på nytt, så ein sikrar at Tine-anlegg som behandlar geitemjølk får nok råstoff og held oppe eit fagmiljø.

Teljedatoen må endrast slik at ein oppnår å slakte gamle geiter på hausten, og gjeninnføre tilskot til påsettjke, ved oppstart.

9. Storfe

Ammekyr/storfeprodusentane ligg lågt i årsverkinntekt, men marknadssituasjonen tilseier at det neppe er mogleg å hente ut meir inntekt ved å auke målprisen.

Eit inntektsløft må difor skje gjennom auke i produksjonstilskotet og distriktstilskot for kjøt.

Driftstilskot for spesialisert storfekjøttproduksjon

Husdyrtilskotet for storfe bør aukast i alle intervall for mjølkekyr, ammekyr og storfe. Auken bør vere lik i intervallet 1 – 25 og 26-50 kyr.

Det må vurderast ein auke i dagsatsane for avløyning til ferie og fritid, i forhold til reelt timeforbruk i denne produksjonen samanlikna med andre husdyrproduksjonar.

Arbeid for å sikre gamle rasar

Mjølkeproduksjon på dei gamle norske rasane vil, slik vi ser det, aldri bli nokon stor utfordring å handtere innanfor den samla nasjonale mjølkeproduksjonen. For å ta vare på arvematerialet og kunnskapen, må vi derfor kunne lage fleksible ordningar, som sikrar produksjon og avsetnad hos dei entusiastane som ønskjer å drive med denne produksjonen.

10. Sau

Vi bed om at ein hever distriktstilskota i område med seint slaktemogen sau. for å kompensere for manglande høve til prisuttak. For Sør-Norge vil det seie sone 3 .

Produksjonstilskotet for sau bør ha slike intervall: 1 – 75 og 76 - 150

Tillegg ein får forhandla fram i år bør bli lagt på dei to intervalla opp til 150.

Teljedatoen må endrast slik at ein oppnår å slakte gamle sauer på hausten, og gjeninnføre tilskot til påsettjam ved oppstart.

Mjølkesau

Mjølkesau brukt som råstoff til lokal foredling får produksjonstilskot etter same sats som mjølkegeit. Vi meiner desse også bør få rett til grunntilskot og driftstilskot. Interessa for slik produksjon er aukande og kan vere ein tilleggsproduksjon på enkelte gardsbruk, difor meiner vi den bør kome inn under dei ordinære tilskotsordningane.

11. Kraftfôrkrevjande produksjonar

Gris

Økonomien i gris har utvikla seg negativt det siste året. Hovudgrunnen er den sterke kostnadsauken (m.a. kraftfôr og andre innsatsmidlar, investeringskostnader), samtidiig som problema i Nortura har medført at ein ikkje har makta å ta ut auken i målpris.

Økonomien i svinproduksjonen må styrkast gjennom styrking av målprisen og ei auka satsing på strukturgrisen. Det bør skje ved å heve produksjonstilskotet for avlsgris for intervallet 1 – 35 purker, samt tilskotet for dei første 1400 slaktegriseane.

Vi ser med stor uro på at regelverket for konsesjonspliktig husdyrhald blir freista omgått og underminert av enkeltaktørar. Styresmaktene må prioritere å følgje opp saker der det skjer regelbrot, eller der det er tydeleg at intensjonane i Lov om ervervsmessig husdyrhald ikkje blir respektert. Ein må ein unngå ei vidare heving av konsesjonsgrensene.

Egg/fjørfe

Det er for tida stor differanse mellom målpris og utsalpris i butikk, slik at detaljleddet bereknar seg stor avanse. Vi meiner produsenten må få ein større del av den oppnådde prisen i marknaden og vil difor tilrå at målprisen på egg vert heva ved årets forhandlingar.

Vi meiner distriktstilskot for kylling/kalkun bør avgrensast til bare Vestlandet. Kraftfôrpris m.m. er ikkje veldig ulik, til dømes mellom Telemark og Trøndelag. Midlane kan i staden omfordelast til husdyrtilskot for høner.

Innfrakttilskot på egg er heilt sentralt for å greie å oppretthalde eggproduksjon som ei distriktsnæring, og bør difor styrkast som eit økonomisk verkemiddel. Tilskotet har ikkje vore endra dei seinare åra, samtidig som vi har sett ei vesentleg auke i transportkostnadane. Det set distriktsproduksjonen av egg under press.

Fjorfekjøt

Det trengst eit innfrakttilskot på fjorfe til slakt tilsvarande innfrakttilskotet på egg.

12. Velferdsordningar

Ferie og fritid

Tilskotet tilferie og fritid må aukast for å ta att utviklinga i kostnadene for arbeidskraft. Det er denne ordninga som vi nå meiner må ha høgaste prioritet blant velferdsordningane. Maksbeløpet for avløyning, som pr i dag er på kr 61.000,- må hevast for å dekkje dei reelle kostnadene ved avløyning.

For å forbetre likviditeten i ordninga bør det innførast ei ekstra utbetaling av tilskot til ferie/fritid. Vi foreslår ei utbetaling i januar på grunnlag av dokumenterte utgifter i dei åtte første månader av året, Det vil hjelpe på, samtidig som det ikkje gir spesielle budsjettmessige verknader.

Ved sjukdom

Den reelle kostnaden for å ha avløyning under sjukdom ligg framleis høgare enn dagens tilskot. Dagsatsen må aukast for å dekkje den reelle kostnaden og må gjelde for sju dagar i veka.

Når det gjeld tal på dyr som grunnlag for avløyningstilskot, bør dette utvidast til å gjelde alle hestar som vert brukte i gardstilknytt verksemd, til dømes i Inn på tunet.

Satellittar i purkeringar må få produksjonstilskot og avløyningstilskot på line med tradisjonelle besetningar, dvs. for den faktiske produksjonen. I satellittar tar ein utgangspunkt i tal fødebingar, mens i tradisjonelle besetningar tel ein tal avlspurker. Å vere satellitt i ein purkering er ikkje samanliknbar med samdrift i mjølkeproduksjonen, sidan alle deltakarane må ha eigne grisehus med dei same store investeringane. Ein bør difor vurdere å heve faktoren for omrekning av dyretalet når det gjeld tilskot til satellittane.

Heiltids grøntprodusentar bør kome inn under ordninga for ferie og fritid.

Landbruksvikarordninga

Vi får tilbakemeldingar på at omlegginga av landbruksvikarordninga jamt over har gått greitt. Framover er det viktig at tilskotet følgjer kostnadsutviklinga. Det bør vere eit eige tilskot til opplæring av vikarar, så aktiviteten ikkje vert belasta administrasjonstilskotet.

13. Miljø og klima

Bondelaget bør motivere til samarbeid ved å arbeide for gode løysingar med økonomisk lønsemd innanfor grøn kraft. Eit verkemiddel er å få på plass ordningar med investeringsstøtte. Varmeproduksjon basert på fornybar energi må også bli omfatta av ordninga med grøne sertifikat. Rammevilkåra for småkraft må gjennomgåast og

styrkast, og Norges Bondelag må arbeide for å sikre grunneigarars rett til eigne fallrettar.

Det bør lagast ei utgreiing om fordelar/ulempar ved å redusere momsen på sal av ved og flis, ut til sluttbrukar i privatmarknaden. Spørsmålet er mellom anna korleis ei slik endring vil påverke investeringskostnadene hos produsenten.

Det bør leggast til rette formeir satsing på biogassanlegg basert på husdyrgjødsel, i eit samarbeid mellom landbruket og biogassindustrien. Denne satsinga må også integrere ei utnytting av den såkalla bioresten frå gassproduksjonen, til gjødsel.

Vi bed om at ein forserer arbeidet med å utvikle og kommersialisere produksjon av andregenerasjons biodrivstoff.

Det bør stimulerast økonomisk til tiltak som aukar andelen biobrensel som energibærar til veksthusproduksjonane.

Regionalt miljøprogram (RMP)

Tilskota til miljøtiltak over RMP bør aukast og med det todelte føremålet: Tiltak som reduserer miljøbelastning i jordbruket, og støtte til skjøtsel av kulturlandskap.

Innanfor miljødelen av RMP bør det bli gitt tilskot til lett haustharving. Det medverkar til å dempe utbrot av mykotoksinar, og forenkler arbeidet på våren, og førar mellom anna til riktig opptøring samt gir ein jordstruktur som er gunstig mtp. avrenning.

Grøfting

Manglande grønøfting og vedlikehald over mange år har ført til eit forfall. Utan ei satsing vil ein misse fagkunnskap hos dei som skal gjere jobben, og det vil ikkje bli investert i nødvendigtstyr, t.d. Rådalshjulet.

Vi viser til det som er skrive under avsnitt 3 –Investeringar, om å etablere ei fondsordning med skattefordel, slik at brukaren kan setje av midlar mellom anna til investeringar/vedlikehald i grønøfting.

Vi bed vidare om at det vert arbeidd for å endre det sentrale regelverket slik at SMIL-midlar kan brukast som tilskot til grønøfting.

14. Økologisk landbruk

Økonomien i økologisk produksjon er noko dårlegare og meir arbeidskrevjande enn i konvensjonell drift, sjølv om ein tar omsyn til sparte kostnader t.d. innanfor gjødsel og kjemisk plantevern. Dettemå det kompensere for, slik at økologisk drift vert meir attraktivt. Styrking av økonomien må først og fremst skje gjennom ein meirpris for produkta.

Det er viktig å styrkje den varige driftsøkonomien innanfor økologisk produksjon, framfor å stimulere mykje i omleggingsfasen. Omlegginga i tilskotsordningane som har skjedd dei siste åra er positive. Det må vere ein langsiktigheit i økonomien, og så innanfor økologisk produksjon.

Ein bør stimulere til meir økologisk kornproduksjon. Pr i dag er det ein flaskehals at det manglar økologisk frø og såkorn innanfor fleire sortar.

Satsane for grøngjødsling bør aukast.

Vi meiner reglane i Norge for krav til økologisk produksjon er for strenge og firkanta. Det er ein flaskehals som hindrar volumvekst. Til dømes bør lam som kjem direkte frå utmarksbeite bli definert som økologisk, sjølv om mordyret har gått på konvensjonelt innmarksbeite. Vi har inntrykk av at dette er enklare å få til i ein del andre land. Norge bør difor sjå på moglegheitene for ein felles europeisk standard her.

15. Kompetanse

Posten på 20 mill. kr til kompetanseheving, etter- og vidareutdanning, rekruttering og likestilling bør vidareførast på om lag same nivå som i dag. Vi bed om at avtalepartane utformar ein heilskapleg plan for kompetanseutvikling i landbruket, saman med aktuelle kompetansetilbydarar og samarbeidspartnarar.

Norges Bondelag bør vidare sjå nærare på korleis ein kan samarbeide om kompetansearbeidet internt mellom landbruksorganisasjonane og med Fylkeskommunen. sidan den har fått meir ansvar for vaksenopplæringa, som eit resultat av forvaltningsreforma.

Rådgiving/forsking

Norsk landbruksrådgiving bør få auka sitt tilskot over jordbruksavtala. Kvaliteten på deira rådgiving får direkte konsekvensar for bondens lønsemd og utviklingsarbeid. Kompetansen hos, og rådgivinga til Norsk landbruksrådgiving er samtidig ein viktig faktor for å få til næringsutvikling på gardsbruka. Vi meiner dei bør få meir midlar til slikt utviklingsarbeid, framfor å la prosjekt og tiltak bli gjennomførte i offentleg regi.

16. Pelsdyr

Pelsdyr er ei viktig næring i enkelte distrikt, til dømes Nissedal i Telemark. Det er viktig at næringa framleis vert definert som ei målgruppe innanfor det landbrukspolitiske verkemiddelsystemet.

Næringa må kunne søkje investeringsstøtte frå Innovasjon Norge på line med anna landbruksproduksjon, og motta avløysartilskot.

Tilskot til pelsdyrfôr/førlag må vidareførast. Det er viktig for utjamning av transportkostnader.

17. Birøkt

Telemark er eit etter måten stort fylke innanfor birøkt, men med ei viss todeling av produsentmiljøet. Av ca 60 000 kuber er omtrent halvparten innanfor næringsretta birøkt.

Det er ønskeleg at ei utbygging skjer ved at dei eksisterande produsentane aukar kubetalet.

Det er behov for ein auke i satsane for produksjonstilskot pr kube/år, og øvre grense for tilskot kan flyttast til 300 kuber.

18. Næringsutvikling

Næringsinntekt - landbruk

Definisjonen av kva som er inntekt frå landbruksnæring må bli utvida til å omfatte tilleggsnæringar. I dag må inntekt t.d. frå IPT-verksemd resultatbereknast separat. Reglane må endrast slik at dette kan slåast saman. Det vil m.a. gi betre moglegheit til å nytte jordbruksfrådraget, også på bruk med lita inntekt frå tradisjonelt jordbruk.

Utvida landbruksbegrep

Det vil bety mykje å få endra begrepet "tradisjonelt landbruk" til også å omfatte utmarksnæringar som jakt, fiske, landbruksbasert turisme m.v. Det vil utløyse ny verksemd som i dag vert hindra av avgrensingar i lovar og regelverk, slik som i Plan- og bygningslova, verneforskrifter o.l.

Hest

Vaksne hestar har falle utanom ordninga med produksjonstilskot. Nå omfattar det bare hestar under 3 år. Det vil ikkje skape problem i høve til ridesenter å ta dei inn att, sidan slike senter fell utanom definisjonen av landbruksføretak.

Distrikts- og kvalitetstilskot på frukt/bær som vert omsett lokalt

Dei som leverer produkt til leigepressing, for så å ta dei tilbake for sal frå eigen gard, bør kunne få DK-tilskot på line med produsentar som sel bæra til ordinære, godkjente omsetningsledd.

19. Rovdyr

Kostnadene ved å ha rovvilt i område der det er beitebruk, må prinsipielt bli dekkja av Miljøverndepartementet og ikkje svekke økonomien til yrkesutøvarane i landbruket.

Beitebruk sikrar mange raudlisteartar. Dette er ein jobb beitebruket utførar som er viktig for heile samfunnet, Reduksjon av beitebruket får difor store negative økologiske konsekvensar over tid.

Det er nødvendig å redusere gaupestamma i region 2 for å holde den nær det vedtatte bestandsmålet, Fellingskvotene må difor aukast for å kome i samsvar med dei faktiske bestandstala, Gaupejakta bør også kunne starte 1. januar, for å dra nytte av best moglege svingstilhøve.

Rovviltforliket frå 2004 gir ingen klar definisjon på kva som er høvesvis streifande og bufaste rovdyr. Det må kome på plass nå.

20. Andre saker

GMO

Norges Bondelag må arbeide systematisk for å sikre at vi har eit svært strengt regelverk i Norge for å unngå innblanding av GMO i mat, fôr og såfrø. Det er ei stor utfordring å hindre innblanding av genmodifiserte fôrstoff i kraftfôret i Norge. Det må tilseie at vi legg mykje vekt på å sikre innanlandsk og kontrollert produksjon som grunnlag for norsk kraftfôr og norsk mat.

Avgifter

Avgiftsnivået i norsk landbruk må reduserast monaleg. Det vil på ein direkte måte styrkje økonomien på alle gardsbruk, og har også ein positiv fordelingsmessig effekt til fordel for mindre og mellomstore bruk.

Vi har fleire forslag på avgifter som kan reduserast eller fjernast:

- Miljøavgift på sprøyteveske. Ein kan nå argumentere for at landbruket vil gjennomføre optimal sprøyting utan høgt avgiftsnivå. Kompetansenivået hos brukarane og bruk av sprøyteplanar tilseier dette
- Miljøavgift på diesel
- Dokumentavgift, ved generasjonsskifte. Denne avgifta bør delast i ein næringsdel og ein privatdel.



Medlemmer i Vinje Bondelag er klare på aksjonsdagen 14. april. Foto: Olav Rui.

Avskrivingsattsar

Norges Bondelag må arbeide for å auke avskrivingsattsen for bygningar i landbruket frå 4 til 8 %, dvs. overføring til ei i anna saldogruppe. Eventuelt kan ein vurdere lineær avskrivning

Landbrukets HMS-teneste

I den satsinga som nå skjer for å betre arbeidsmiljøet i landbruket og redusere ulykesnivået, er det nødvendig å ruste opp Landbrukets HMS-teneste som rådgivar for bonden i slike saker.

2. Jordbruksforhandlingane 2010 - Felles innspel frå fylkesbondelaga i Telemark, Vest-Agder og Aust-Agder

Mål:

Vi ønsker et inntektsløft for landbruket i vår region for å stoppe avgangen av aktive landbruksforetak, og sikre rekruttering og investeringslyst i verdens viktigste næring!

Et slikt mål gjelder naturligvis for landbruket i hele Norge! Det er avgjørende at landbrukets organisasjoner, sammen med myndighetene, fortsatt står bak, og fronter, en landbrukspolitikk basert på bærebjelkene i ”den norske modellen” og målet om et ”landbruk over hele landet”.

I dette innspillet fokuserer vi imidlertid på særtrekkene for våre tre fylker.

Situasjonsbeskrivelse og statistikk:

I norsk sammenheng ligger vår region utenfor de ”tunge” landbruksområdene. I forhold til geografi, topografi, arrondering og bruksstruktur er det mer naturlig å sammenligne seg med Vestlandet og Nord-Norge enn med Rogaland, sentrale Østlandet og Trøndelag.

Dette betyr at vi utgjør en relativt nærings svak region som rammes både først, og mest, ved effektivisering og strukturrasjonalisering.

Vi ser behovet for bedre tallgrunnlag for å beskrive situasjonen for vår region, gjerne sammenlignet med andre regioner. F. eks. bruker både Budsjettnemnda for jordbruket og NILF regioninndelinger som ikke umiddelbart fanger opp ”oss”.

Investeringsmidler:

Landbruket står overfor svært store utfordringer knytta til rekruttering og fornying av driftsapparatet samt tilpassing til nytt klima og reduserte drivhusgassutslipp. Lønnsomheten i næringa, slik den er i dag, gjør det nødvendig å tilby gunstige finansieringsordninger, for å unngå høye finanskostnader både ved vedlikehold og utbygging. Nye krav til HMS og dyrehelse har økt investeringsbehovet.

I vår region, med relativt små gårder, ser vi at investeringene blir relativt høye i forhold til produksjonsvolumene. Dette gjenspeiles i relativt liten investeringsinteresse.

Melk:

Melkeproduksjonen er den klart største produksjonen i våre fylker. I Agderfylka var beregnet verdiskaping av denne produksjonen, i 2006, ca. 145 mill kr, tilsvarende ca. 44 % av jordbrukets totale verdiskaping (NILF Notat 2008-11). Også i Telemark er melkeproduksjonen en tilsvarende viktig bærebjelke i det distriktsbaserte landbruket. Reduksjonen i antall aktive melkeprodusenter har de siste åra vært kraftigere enn i andre landsdeler

Beite:

Om jordarealene i vår region er tunge å drive, med små teiger og ofte uregelmessige former, er imidlertid beiteressursene, særlig med tanke på utmarksbeite, et av vår regions fortrinn. Beite som ressurs i matproduksjonen har stort utnyttet potensial i våre områder. Beitende dyrs betydning for vedlikehold av kulturlandskap er godt kjent. Produksjon av kvalitetskjøtt basert på beite og grovfôr er også en vesentlig bidragsyter til de verdier landbruket tilfører samfunnet utover melk og kjøtt.

Vi peker særlig på beitetilskuddet som et presist og målrettet virkemiddel for å styrke disse produksjonene.

Vi viser i denne forbindelse også til det felles ”Beiteprosjektet i Agder og Telemark 2008/09”. Prosjektet har gjennom pilotprosjekter i 10 kommuner bl.a. sett på forskjellige måter å organisere beitebruk. Se www.beitedyr.no.

Fylkesbondelagens bidrag:

Bondelagene i våre fylker ønsker sjøl å bidra til et løft for landbruket i regionen.

Vi vil jobbe tettere med fylkesmenn og fylkeskommuner. Vi vil intensivere arbeidet med kommunikasjon internt og eksternt, og vi vil fokusere på de mulighetene våre naturgitte og menneskelige ressurser kan gi, framfor å fokusere på begrensningene.

Vi vil også fokusere på kompetansebygging – i aller videste forstand. Fra å bygge kompetanse om landbruksnæringa i det politiske miljø – til å bygge kompetanse i den enkelte bondes produksjon, fra husdyrhold til reiseliv.

Ett eksempel på kompetansebygging er at det i Telemark nylig er gjennomført en spørreundersøkelse blant melkeprodusentene. Aust-Agder Bondelag gjennomfører en slik undersøkelse i mars/april 2010.

På bakgrunn av ovenstående har fylkesbondelagas budskap til politikere, media og andre vinteren 2010 vært:

Gi melkeprodusentene i Agder og Telemark et løft!

Telemark Bondelag, Aust-Agder Bondelag og Vest-Agder Bondelag ønsker å gi hele landbruket i vår region et løft!

Et slikt løft medfører 3 satsingsområder:

Investeringsmidler – Melk - Beite

Hovedbakgrunnen er at vår region har klart størst avgang av melkeprodusenter. Samtidig toppe vi statistikken for andel leiejord. Lønnsomheten i produksjonen er lav i vår region.

Vi ser også at det investeres alt for lite i melkeproduksjon.

Med vår regions topografi og eiendomsstruktur ser vi at;

Skal det generelle politiske målet om ”et landbruk over hele landet” gis mening, må det sikres kontinuitet og lønnsomhet i melkeproduksjonen i hver eneste kommune i vår region!

Investeringsmidler:

Et helt sentralt virkemiddel er betydelig økt tilgang på kapital til alle produksjoner, slik at bøndene i vår region gis mulighet for å investere i næringa.

Melk:

Mål: Vi vil stoppe nedgangen i antallet melkeprodusenter i de tre fylka!

Tiltak:

Investeringspakke melk - i en 5-årsperiode skal det:

Gis mulighet for ekstra tilskudd på kr. 250.000, i forhold til sentralt avtalt tilskuddstak (i dag 750.000) eller at det oppnås 30 % av kostnad, for investeringer i melkebruk.

Maks uttelling på tilskuddene vil gi mer håndterlige kapitalkostnader.

Øke rammen for rentestøtte, i forhold til dagens praksis.

Ordningen forutsetter økt totalramme for investeringsmidler!

Ordningen skal stimulere til økte investeringer:

i nybygg

i utbedringer av eksisterende bygg (for å øke effektiviteten i mindre produksjoner og gi helseforebyggende effekter.)

i mindre prosjekter

Kostnad: Størrelsesorden 20 – 25 mill/år (Forutsatt ca. 10 større investeringsprosjekter i hvert fylke) Tilsvarende investering i størrelsesorden 75 – 100 mill årlig. Gir også store ringvirkninger i øvrig lokalt næringsliv.

Investeringspakken skal kombineres med et 5-årig prosjekt som skal stimulere til investering og samtidig finne nye kostnadseffektive og arbeidseffektive løsninger for bygg og på andre områder.

Ekstra driftstilskudd på kr. 10.000,- pr melkebruk.

Tilskuddet skal i hovedsak kompensere for driftsulemper knyttet til små og spredte grasarealer.

Tilskuddet vil gjelde de 664 foretakene med melkekvote etter kvotesalget høsten 2009.

Kostnad: 6.64 mill.

Stimulere til nyetableringer i melkesektoren

Delmål: 5 nye produsenter i regionen hvert år.

Nyetablerere skal:

Gis halv pris pr. liter på kjøp av melkekvote. (Vil bety 1,75 kr/l i stedet for 3,50 kr/l som er dagens pris)

Gis prioritet ved søknad om investeringsvirkemidler.

Kostnad: "Subsidiert" kvotepris koster ca. kr. 1,3 mill om alle 5 nye kjøper maks kvote, som i dag er 150.000 liter. Utgjør kr. 262.500,- pr. nyetablerer.

Beite:

Forsøksordning beitetilskudd

Beitetilskuddene på innmark og i utmark økes med henholdsvis kr. 200 for storfe og kr. 75 for småfe.

Økt beiting er avgjørende for ivaretagelse av kulturlandskapet. Samtidig er økt beiting et viktig tiltak i klimapolitikken.

Et 5-årig forsøk vil gi verdifull kunnskap om denne typen tilskudds effekt på kulturlandskap og klima, og i hvilken grad tilskuddet medfører endring av antall dyr på beite.

Kostnad: Vanskelig å beregne, men vi antar i størrelsesorden 10 mill for storfe og 5 mill for småfe/år.

3. Ny stortingsmelding om landbruk

Arbeidet med å utforme krav og innspel til den varslede nye stortingsmeldinga om landbruk, og å delta på møte der meldinga er tema, har vore ei hovudsak i organisasjonen dette året.

Blant møta kan vi trekkje fram samråd i regi av Landbruks- og matdepartementet som var i Kristiansand 23. februar. Møtet var eit i ei rekkje av møte landet rundt som departementet arrangerte for å få innspel til meldinga, frå ulike organisasjonar og partar. Per Arne Hoppestad, leiar i TB sitt grøntutval var ein av innleiarane på møtet.

26. oktober arrangerte Vestfold, Buskerud og Telemark Bondelag eit felles møte på Vestfossen. Hit kom styreleiarane i Nortura, Tine og Felleskjøpet, samt Nils T. Bjørke, Norges Bondelag og Per Olaf Lundteigen, Senterpartiet. Møtet var viktig for å samordne synspunkta på viktige landbrukspolitiske saker mellom organisasjonane i landbruket, i det vidare meldingsarbeidet.

Følgjandeto skriv er sendt Norges Bondelag om landbruksmeldinga frå TB, i tillegg til fråsegn vedtatt på fylkesårsmøtet:

- *Førebels notat frå fylkesstyret til Norges Bondelag, pr 11. februar* *Innspel til ny stortingsmelding om landbruk:*

Styret i Telemark Bondelag drøfta innspel til den nye stortingsmeldinga om landbruk på sitt styremøte 10. februar. Vi ser på dette som ein første runde med kommentarar og innspel, som sjølvstakt ikkje er utfyllande, men reknar med å kome meir inn på ulike tema og problemstillingar i tida som kjem.

Spørsmål 1:

Hva er målsettinga for landbruket de neste 10 år?

Svar:

Vi meiner norsk landbruk må vidareføre ambisjonen om å dekkje den innanlandske etterspurnaden av dei matvarene vi har føresetnad for å produsere. Graden av sjølvforsyning av mat bør verte høgare enn i dag. Dette betyr at vi må auke matproduksjonen i Norge i åra framover.

Telemark er eit fylke som bør auke sin relative del av den samla nasjonale matproduksjonen. Det er rom for å intensivere noko både innanfor husdyrholdet og planteproduksjonen i vårt fylke, utan at det gir negative konsekvensar for klima og miljø. Tvert om kan til dømes meir utnytting av beite- og grovfôraarealet gi gevinstar både for miljøet og klimaet, og samtidig betre skjøtselen av kulturlandskapet. Det må derfor utformast verkemidler i landbrukspolitikken som kan utløyse meir av produksjonspotensialet i eit fylke som vårt.

Norske bønder må få ei inntekt på line med resten av samfunnet. Vi må tette inntektsgapet mellom bønder og andre yrkesgrupper.

Telemark Bondelag har gjennom mange år arbeidd for ei utviding av landbruksbegrepet, og vi ser dette som eit sentralt krav opp mot ny landbruksmelding. Vi ønskjer på denne måten å utvikle meir vare- og tenesteproduksjon basert på eigedommanes samla ressursar, og auke sysselsetjinga på norske gardsbruk.

Vi ønskjer ei utvikling som gir bonden tilbake meir av råderetten over gardens ressursar, for å styrkje den landbruksbaserte næringsverksemda på eigedommane. Dette gjeld til dømes styringa på areal som i dag vert omfatta av vern etter Naturmangfaldsloven. Det er nødvendig å snu ein langvarig trend med stadig meir fjernstyring og innskrenking av grunneigarrettane.

Erfaringane etter finanskrisa vi har opplevd, viser at det er nødvendig å regulere, helst forby spekulasjon på mat og landbruksvarer.

Spørsmål 2:

Skal landbruket ta initiativ til en strategi for å gjøre landbruksproduksjonen uavhengig av fossil energi innen 2030?

Svar:

Vi støttar dette forslaget. Ein slik strategi for energibruk bør ginye moglegheiter for landbruket.

Spørsmål 3:

Skal produksjonsvekst baseres på import av kraftfôr eller bruk av egne arealer, og hvordan kan dette løses?

Svar:

Vimeiner produksjonsveksten bør baserast på brukav eigne areal. Men dette set strenge krav til kvaliteten i norsk kornproduksjon Vi mågjennomgå og styrke krava-til norsk fôrkorn. Det er nødvendig med meir prisdifferensiering i forhold til kvalitetskrav i fôret.

Vidare må det leggest til rette for å aukelønsemda i beitebruken og bruken av grovfôr for dei aktuelle kjøtslaga.

Spørsmål 4:

Hvordan kan den norske modellen styrkes?

Svar:

I dag er det ein ubalanse i de vilkåra landbruket har for å oppfylle si samfunnskontrakt. Utan ei styrking av lønsemda **vil næringa ikkje lenger makte å levere dei varer og tenestene som samfunnet etterspør**. Gjennom arbeidet med, og Stortingets behandling av stortingsmeldinga, må det skje ei avklaring av om vilkåra er til stades for at landbruket skal kunne fylle den forventta rolla i forhold til samfunnet. Landbruket får mykje verbal støtte, men nå må denne støtta gi økonomisk utteljing.

Spørsmål 5:

Hvordan øke lønnsomheten?

Svar:

Vi ser det som nødvendig framleis å bruke både produktpris og løyvingar over statsbudsjettet for å styrke lønsemda i landbruksnæringa. Når det gjeld kostnadskutt, er skattar og spesielt avgifter, sentrale postar å sjå på for få ned kostnadsnivået i landbruket. Strukturrasjonaliseringa i landbruket går meir enn raskt nok, spesielt dei siste åra, og må heller bremsast ned.

I tillegg er det avgjerande at landbruket får tilgang til meir og billigare investeringskapital. Det må etablerast fondsordningar med skattefordelar for bruk til investeringsføremål og ved eigarskifte. Avskrivingsreglane for bygningar i landbruket må endrast.

Landbruket må utvikle strategiar for å få ein større del av verdien i sluttmarknaden for sine produkt.

Næringa må samtidig styrkje si rolle som tenesteprodusent ut mot det øvrige samfunnet, og ta ein større del av aktuelle marknader for tenester, til dømes Inn på tunet og byggeservice.

Spørsmål 6:

Hvordan sikre landbruket som en kunnskapsbasert næring?

Svar:

Vi må ha eit konkurransedyktig tilbod innanfor det vidaregåande skuleverket, som gir ei relevant og fagleg god grunnutdanning innan landbruk og naturbruk. Som ei påbygging til dette trengst tilbod innanfor fagleg spesialisering og påbygging, som tar omsyn til dei ulike produksjonsgreinene i landbruket.

Utover dette er det nødvendig å prioritere ei kompetanseheving innanfor driftsleiing og bedriftsleiing, retta mot yrkesutøvarane i landbruket. Fagskuletilbod må vere ein del av dette

Vi ser at fleire høgskuletilbod innan landbruk er, eller står i fare for å bli lagde ned. Det gjeld til dømes studiet i rekneskap og landbruksøkonomi ved Høgskulen i Telemark. Dette er i ferd med å bli eit stort problem for rekrutteringa av kompetente medarbeidarar til dei rekneskapskontora som skal tene landbruket Om det offentlege skolesystemet ikkje får etablert gode høgskuletilbod, til dømes innanfor landbruksøkonomi, må næringa sjølv ta initiativ til å få oppretta slike tilbod.

Spørsmål 7:

Hvordan skal Norges Bondelag jobbe for å styrke norsk næringsmiddelindustri helt fram til forbruker?

Svar:

Landbruket må posisjonere seg meir strategisk i forhold til sluttmarknaden for dei ulike produkta, og vurdere alliansar og samarbeid innanfor verdikjedene for mat.

Det trengst ei omfattande haldningskampanje overfor forbrukaren for å få dei til å velje norsk mat. Nytt Norge-ordninga ser ut til å kunne vere eit godt utgangspunkt for dette arbeidet. Landbruket må drive eit målretta og langsiktig allianseskapande arbeid overfor forbrukarane og forbrukarorganisasjonane.

Det er nødvendig å med landbrukspolitisk skulering av politikarar på alle nivå. Politikarane må forstå at eit sterkt samvirke er ein føresetnad for å realisere måla i landbrukspolitikken, ikkje minst gjeld dette forståing og innsikt i forsyningsansvaret og marknadsreguleringa som er lagt til samvirkebedriftene.

- *Fråsegn frå fylkesstyret, vedtatt på møte 21. april*

Styret i Telemark Bondelag har på møte 21. april behandla innspill til ny stortingsmelding om landbruk. Til saken viser vi til uttalelse vedtatt på årsmøtet i Telemark Bondelag 13. mars i år med overskrift: "Økt inntekt avgjørende for rekruttering til landbruket" og notat fra fylkesstyret datert 11. februar 2010.

Fylkestyret oversender i tillegg til disse to dokumenta, følgende:

Forpliktende inntektsopptapping

Styret i Telemark Bondelag mener det som en følge av at Stortinget skal behandle ny melding om landbruket, må utformes en konkret og forpliktende opptrappingsplan for inntektene landbruket.

Utvid grunnlaget for jordbruksfradraget

Gjennom jordbruksforhandlingene er det etablert et eget jordbruksfradrag. Nå bør en utvide grunnlaget for dette fradraget noe, ved å definere inn inntekt fra tilleggsnæringer som grunnlag for jordbruksinntekt, for eksempel fra utmarksnæring. Tilleggsnæringene det er snakk om, må ha utgangspunkt i gardens ressurser, slik at en får ei avgrensning mot generell næringsvirksomhet.

Mer samsvar mellom bruks- og eiendomsstrukturen i landbruket

Aust-Agder, Vest-Agder og Telemark er de fylka som sammen med Troms har størst andel leiejord blant landets fylker. Dvs. har mer enn 50 % andel leiejord (pr. 2007).

Det er negativt for stabiliteten og langsiktigheten i jordbruksproduksjonen og for den enkelte bonde, at så mye av virksomheten på bruket må basere seg på leide jordressurser. En stor andel leiejord virker negativt inn på vilkåra for investering, utbygging og vedlikehold på bruket, og på leid jord blir grøfting og kalking nedprioritert. Vi frykter også at marginale arealer raskere går ut av drift der jorda blir leid og ikke eid av brukeren.

Nye regler i jordloven har til formål å skape mer langsiktige og stabile leieforhold. Telemark Bondelag frykter imidlertid at de nye reglene gjør jordleie mer byråkratisk enn før, og foreløpig er det også mange spørsmål og mye uklarhet omkring det nye regelverket. En langsiktig og stabil løsning fordrer derfor etter vårt syn at det blir mer samsvar mellom eier og bruker av jordbruksareal enn tilfellet er i dag. **Vi mener den nye stortingsmeldinga om landbruk må skissere tiltak og virkemidler som kan stimulere ei utvikling, der aktive bønder i større grad eier si egen jord.**

Dagens regjering har videreført delingsforbudet i Jordlovens § 12, både Telemark Bondelag og Norges Bondelag har støtta dette standpunktet i forbindelse med at saken var ute til høring i 2005. Formålet med et delingsforbud må være å hindre oppstyking og "slakting" av eiendom slik at jord- og skogbruksproduksjonen ikke blir forringa.

I forhold til leiejordsproblematikken er imidlertid vår vurdering nå at delingsforbudet ikke bør hindre ei utvikling mot mer samsvar mellom bruks- og eiendomsstrukturen i landbruket. Formålet med så vel delingsforbudet som jordloven generelt, må være å styrke jord- og skogbruket i et område, ikke svekke det, samt gi ei god arrondering. Det betyr etter vårt syn at vi må vurdere å åpne for ei noe mer fleksibel praktisering av delingsforbudet, basert på om ei deling vil styrke driftsgrunnlaget på andre bruk i nabolaget, eller ikke.

Jordvern

Innfør jordvernavgift

En viktig grunn til at jordvernet taper i pressområda, er at det er for billig å bygge på dyrka mark, samt det forhold at kommunene bruker dyrka og dyrkbar mark som billig utbyggingsareal for å tiltrekke seg folk og næringsbedrifter. Telemark Bondelag mener at en jordvernavgift bør pålegges utbyggere slik at økonomiske tomtekostnadshensyn ikke skal bli et argument for å bygge på dyrka og dyrkbar mark. Avgifta må være så stor at kostnadene med å bygge på dyrka og dyrkbar mark blir større enn å bygge på uproduktiv mark.

God økonomi og god hevd fremmer jordvernet.

Et effektivt jordverntiltak er at bøndene har en tilfredsstillende og konkurransedyktig økonomi som vil bidra til å minske det "indre press" mot salg av dyrka jord til utbygging. Å holde jorda i god hevd bidrar også til jordvern.

Dessuten er det ikke å vente at den enkelte bonde skal si nei takk til tilbud på mange millioner kroner. Dette er et nasjonalt ansvar.

Rikspolitiske retningslinjer

En trussel for jordvern rundt byer og tettsteder er Rikspolitiske retningslinjer for samordna areal- og transportplanlegging. Disse retningslinjene må tas opp til revisjon og sikre et enda sterkere jordvern enn i dag. Det må åpnes for bolig- og næringsetablering på uproduktive arealer også utenfor by - tettstedssentra og trafikkknutepunkt som buss- og jernbanestasjoner.

4. Skadefelling GPS-peila gaupe, "Hans"

Følgjande skriv er sendt Direktoratet for Naturforvaltning:

På vegner av landbruksorganisasjonane i Rovviltregion 2 bed vi Direktoratet for naturforvaltning gi nødvendig assistanse til jegerane og kommunen, slik at ein kan lokalisere den GPS-peila gaupe "Hans" for å kunne foreta skadefelling.

Åmotsdal Beitelag i Seljord v/Håvard Jønnardalen har etter søknad til Fylkesmannen i Telemark fått forlenga skadefellingsløyve på gaupe, i denne omgangen for 14 dagar frå og med 5. august.

Det same beitelaget søkte om fellingsløyve første gang den 14. juli, og fekk da innvilga dette av Fylkesmannen i Telemark. Men det har til nå ikkje lukkast å ta ut gaupe på dette løyvet. I følgje SNO er det avklara at skadegjeraren er den nemnte GPS-peila gaupe. Det er også dokumentert at "Hans" har drepe lam i Skorve og Lifjell. For å kunne foreta eit effektivt uttak, bed vi difor om at DN lokaliserer individet for jegerane, slik at ein nå kan få gjennomført nødvendig felling så raskt som mogleg. Sidan dette handlar om skadefelling, ser vi det som rett at all tilgjengeleg informasjon, slik som innsamla GPS-data, vert brukt for å effektivt utføre uttaket av den skadegjerande gaupe.

Åmotsdal beitelag har fire besetningar i området rundt Rust (1167 moh.) Det var i ved utgangen av juni dokumentert i alt 7 lam som er tatt av gaupe, og utover sommaren er fleire blitt sakna. Det er også dokumentert tap hos andre beitelag i distriktet rundt Lifjell. Beitelaga har prøvd ut fleire førebyggjande tiltak utan at dette har hatt særleg effekt, mellom anna å flytte sau høgt til fjells eller til innmarksbeite, og bruk av vaktbikkjer ved flokkane. Vi står nå att med felling som effektivt tiltak for å få bukt med tapsutviklinga i denne situasjonen.

Vi viser til formuleringar i Regjeringserklæringa, som etter vårt meining gir grunnlag for aktiv assistanse frå dykk i DN i situasjonen slik han har oppstått hos oss nå:

Effektivisere skadefelling av rovvilt.

Det offentliges praktiske og økonomiske ansvar for skadefelling skal forsterkes og klargjøres, med sikte på at andelen vellykkede skadefellingsforsøk skal øke

Vi ser at desse formuleringane også er følgt opp av MD i eige brev til Fylkesmenne, der departementet gjer greie for arbeidet med ny forskrift om kompensasjon til fellingslag for forsøk på skadefelling av rovvilt. (Brev frå MD datert 31.05.2010, ref. 200904219-/GKM).

På vegner av landbruksorganisasjonane i Region 2 håpar vi på eit raskt og positivt svar på denne førespurnaden.

5. Skadefelling av GPS-merkt gaupe i Telemark. Anke på avslag hos DN

Følgjande skriv er sendt Direktoratet for Naturforvaltning:

I brev til Direktoratet for naturforvaltning (DN) datert 5. august 2010 søkte Telemark Bondelag, på vegner av landbruksorganisasjonane i Rovviltregion 2, om bistand til å lokalisere ei GPS-merkt gaupe. Dette var knytt opp mot eit skadefellingsløyve på 1 gaupe som var gitt Åmotsdal beitelag i Seljord kommune 14. juli, m/forlenging datert 4. august. I brev frå DN datert 19. august avslår DN denne søknaden (dykkar ref.: 2010/9830 ART-VI-JPB).

Vi ankar med dette DN's avslag i saka inn for Miljøverndepartementet som klageinstans, jf. Forvaltningsloven §§28, 29 og 32.

DN peikar på prinsippet om differensiert forvaltning i forvaltningsplanen for rovvilt i Region 2 som grunnlag for avslaget sitt, og at den aktuelle gaupa ikkje kan sjåast på som ein særskilt skadevaldar i det området det er snakk om.

Vår grunngeving for å anke DN sitt avslag i saka er følgjande:

At det er lagt opp til ein differensiert forvaltning i Rovviltregion 2, er etter vår meining ikkje relevant i denne saka. I forvaltningsplanen for regionen er grøn sone, som Åmotsdal ligg i, peika på som viktig område for å oppnå forvaltningsmålet på gaupe. Men situasjonen nå er at gaupe-populasjonen i Region 2 ligg godt over bestandsmålet, noko som er eit problem i seg sjølv for beitebruken. Vi meiner difor DN

vurderer saka feil når dei i svaret til oss avgrensar bruk av GPS-data ved skadefelling til område utanfor ynglingsområdet for gaupe.

I forvaltningsplanen er det dessutan påpeika at grøn sone inneheld viktige beiteområde for husdyr. Omsynet til beitenæringa gjeld difor også i denne sonen. Vidare står det om forvaltningsstrategien i grøn sone:

Kvotestiltak er det viktigste forebyggjande tiltaket, og mest effektivt i å holde bestanden i samsvar med nasjonal målsetting. I skadesituasjoner skal det raskt kunne gis tillatelse til felling. (Forvaltningsplanen, revidert pr. 2009, side 24.)

Dette må tolkast slik at når løyve til skadefelling vert gitt, er det vidare eit ansvar for alle partar, også forvaltningsmyndighetene, at fellinga vert gjennomført på ein mest mogleg effektiv måte. Det tilseier at tilgjengelege hjelpemidlar, slik som bruk av GPS-data, må verte brukt for å effektivisere skadefellinga. Vi viser her til formuleringane i Regjeringserklæringa frå 2009, som seier mykje det same:

• Effektivisere skadefelling av rovvilt

Det offentliges praktiske og økonomiske ansvar for skadefelling skal forsterkes og klargjøres, med sikte på at andelen vellykkede skadefellingsforsøk skal øke

Når det gjeld påstanden frå DN om at denne aktuelle radiomerkte gaupa ikkje er ein særskilt skadevaldar i området, viser vi til at iflg. data frå Scandlynx tok den same gaupa 11 sau, bare i løpet av den eine intensive kartleggingsperioden i juni i år. (Kjelde: Nyheitsbrev frå Scandlynx, august 2010.) At det samtidig finst fleire gauper som tar sau i det same området er ikkje noko argument for å "spare" den radiomerkte gaupa. Den alvorlege skadesituasjonen er tvert om eit argument for å leggje best mogleg til rette for å gjennomføre skadefelling raskt og effektivt. I dette tilfellet ved å bruke tilgjengelege GPS-data på den gaupa som ein har slike data på.

Vi er klar over at den nemnte radiomerkte gaupa har forskingsmessig verdi i Scandlynx-prosjektet. Vi meiner imidlertid at dette er eit moment som må vegast opp mot den skade og ulempe den nå påfører beitenæringa i området. Behovet for ein rimeleg balanse her tilseier at ein må leggje til rette for skadefelling av det aktuelle individet.

At Scandlynx-prosjektet i regionen dessutan går inn i si avsluttande fase nå (avsluttast alt i løpet av 2011), bør telje med når vår anke skal behandlast. Tap av forskingsmessige data vil i dette tilfelle bli av ein avgrensa karakter.

6. GPS-merkt gaupe i Telemark. Søknad om innsyn

Følgjande skriv er sendt Direktoratet for Naturforvaltning:

Vi syner til dykkar brev datert 08.09.2010. der DN orienterer om at avslaget på bistand til skadefelling uriktig vart presentert som eit enkeltvedtak.

Sidan saka ikkje kan påklagast som enkeltvedtak, bed vi om å få tilgang til dei aktuelle GPS-data i medhald av det generelle kravet om innsyn i dokumenta til offentleg verksemd, slik det m.a. er formulert i Offentleglova.

7. Klage på avslag i innsynssak om GPS-merkt gaupe

Følgjande skriv er sendt Direktoratet for Naturforvaltning:

Vi viser til DN sitt svar på vår søknad om innsyn i lokaliseringsdata for GPS-merkt gaupe. Svaret frå DN blei mottatt av oss 25. oktober d.å.

Vi påklagar med dette avslaget om innsyn i dei aktuelle data.

Grunnlaget for å påklage avslaget er mellom anna det de skriv i svaret dykkar, der DN viser til at framgangsmåten med å få utlevert lokaliseringsdata frå Scandlynx, med føremål å felle skadevaldande individ av rovdyr, alt er praktisert i fleire tidlegare, liknande tilfelle. Vi meiner det er god grunn til å felle nettopp det aktuelle, merkte individet det nå er snakk om, sidan det er registrert stor skadeforårsaka av denne gaupa i siste beitesesong. Iflg. data frå Scandlynx tok den 11 sau bare i løpet av den intensive kartleggingsperioden i juni i år (Kjelde: Nyheitsbrev frå Scandlynx, august 2010). Det er stor sannsynlegheit for at den same gaupa også står bak fleire tapstilfelle i tillegg til dei som er registrert.

Vi meiner difor at det vil vere mest i tråd med den praksisen DN har stått for frå førå offentleggjere lokaliseringsdata, og tillate at desse data vert brukte med føremål å felle det aktuelle individet.

Ein medverkande årsak til dette, er etter vårt syn at når fellingsløyve er gitt, er det i samfunnets interesse at det vert effektuert, og da bør adekvate hjelpemidlar som peiledata bli brukt for å få eit resultat av jakta, på ein raskast og mest mogleg effektiv måte.

Vi meiner vidare at det vil vere av interesse å få klageorganet (i dette tilfellet Miljøverndepartementet) si konkrete vurdering i denne saka av korleis ein avgrensar innsynsretten, når det er snakk om grunnlagsmateriale som ligg i ein ekstern database. I lovas førearbeider er det sett som føresetnad at dokument som vert brukt i saksbehandling vil bli henta ut og lagra. Vi meiner at i teorien kan eit organ som DN sjekke ut innhaldet i databasen for det aktuelle føremålet, utan at dette vert henta ut, spesielt dersom organet ikkje ønskjer at opplysningane skal verte offentlege. Vi ser det derfor som tenleg at MD foretar ei vurdering her, og nyttar det høvet vår klage gir til å vurdere dette saksforholdet.

Ved utgangen av året var det ikkje kome svar frå DN/MD på denne siste anken som TB har sendt i saka.

8. Fråsegn til kvotejakta på gaupe 2011

Landbruksorganisasjonene i rovvilt region 2 har vært samlet til møte i Skien 22. november. Med bakgrunn i drøftingene på dette møtet ønsker landbruksorganisasjonene å gi innspill til rovviltnemnda i forbindelse med fastsetting av fellingskvote for gaupe jakt sesongen 2011.

Tapstallene som er oppgitt av sankelagene i regionen for inneværende beitesesong ser ut til å holde seg på samme høge nivå som tidligere år. En nedgang i Telemark skyldes at mange besetninger har flyttet fra rovviltutsatte skogsbeiter til fjellbeite med mindre innslag av gaupe. Tapstallene for Buskerud er bearbejdet av fylkesmannen, og viser tapene på sankelagsnivå, av dette materialet fremgår det at det er områder som har kritisk høge tap.

Bestandsmålet av gaupe i region 2 er fastsatt til 12 familie grupper. Dagens gaupebestand er av NINA beregnet til en minimumsbestand på 16,7 familiegrupper, 3 års gjennomsnitt. Bestand før jakt der beregnet til 17 familiegrupper, 2 mindre enn foregående år. Disse bestandstallene viser at rovvilt nemnda i regionen ikke på noen måte har lykket i arbeidet med forvaltningen av gaupe bestanden. Beitebruksnæringa kan ikke på noen måte godta en forvaltning som har en så dårlig presisjon i sitt arbeid. Gaupebestanden må nå hurtigst mulig komme ned på bestandsmålet. Det vises her til Soria Moria II der det heter: ”at rovviltforvaltningen skjer på en slik måte at antallet ynglinger holdes så nær bestandsmålet som mulig. Der bestandsmålet ikke er nådd skal oppbyggingstakten ta hensyn til nødvendig tid til tilpasninger for beitebrukerne og lokalsamfunnene generelt.”

Rovviltnemnda må nå vise handlekraft ved å tildele en kvote som bringer gaupebestanden ned til bestandsmålet. Sammenholdes antall familiegrupper før jakt i 2009 (19 familiegrupper) med gaupebestanden før jakt i 2010 (17 familiegrupper) utgjør uttaket på 27 gauper tilnærmet tilveksten i gaupebestanden. Det forventes at det ved årets kvotetildeling regnes inn bestandsreduksjon ned til 12 familiegrupper, dette beregnes ut ifra at det er ca 6 gauper pr. familiegruppe. En reduksjon fra 17 til 12 familiegrupper tilsier et uttak på 30 dyr i tillegg til tilveksten. Tildelt kvote må innrettes slik at hunndyrkvoten ikke er begrensende for uttaket.

Ved en sterk, men nødvendig bestandsreduksjon er det risiko for å komme under vedtatt bestandsmål det vises derfor til NINA rapport 587 tabell 3 der det fremgår at bestanden har evne til rask vekst.

Rovviltnemnda har lykket bra med administrasjon av tildelte gaupekvoter.

9. Forslag til forskrift om tilskudd i tap av epleproduksjon pga rognebærmøll

Følgjande skriv er sendt Landbruks- og matdepartementet:

Telemark Bondelag ser positivt på at vi har fått en midlertidig ordning ved tap av avling ved angrep av rognebærmøll. Nedenfor følger kommentarer til detaljer ved det framlagte forslaget.

Vi viser til utredningen for vilkårene i § 2 etter tredje ledd:

Hele avlingen høstes og dokumenteres. Dette er fullt mulig for å dokumentere brutto avling. Det kreves fremlegg av dokumentasjon for frisk konsum epler og pressep-

ler. I praksis vil det si at vi kommer til et punkt hvor skadeomfanget er så stort at dette ikke er gjennomførbart med tanke på arbeidsforbruk. Det må sees på hvordan forskriften skal håndheves i praksis. Kontrollen som skal utføres på et så tidlig tidspunkt som mulig må også vurdere om dette er en totalskade selv om ikke hele produksjon er skadet.

Når det gjelder § 3 Beregning av tilskudd:

Tilskuddet er satt til en kronesats for å gi delvis kompensasjon. Det er lagt til grunn NILFs beregninger i forbindelse med erstatning for klimabetingede skader. Telemark står under Sørlandet med kr. 11,38 i grunnlaget og kun Østlandet (Østfold, Akershus, Oslo, Buskerud, Vestfold, Hedmark og Oppland) har grunnlaget kr. 9,11. Vi mener det ikke er riktig at Telemark foreslås flyttet til gruppen med Østlandet i forskriften og ikke blir stående med landet forøvrig som også har samme grunnlag som Telemark.

Vi gjør også oppmerksom på at tapet for produsentene vil være større enn utregnet i utredningen. Det er slik at produsentene som leverer epler til press får normalt 1,40 pr kilo. De fleste presseriene har avtaler med pakkeriene så produsentene får ikke til egne avtaler og klarer ikke å oppnå 2,45 pr kilo slik som pakkeriene.

10. Tidspunkt for årsmøte i Norges Bondelag

Følgjande skriv er sendt Norges Bondelag:

Tidspunkt for årsmøte i Norges Bondelag blei behandla på styremøte i Telemark Bondelag 20. januar. Styret gjorde vedtak om at årsmøtet blir arrangert på same tidspunkt som nå, i juni.

Grunngjeving

Etter innkalling av vararepresentantar er årsmøtet stort sett fulltalig. Årsmøtorepresentantane har ulike produksjonar så det vil alltid vere nokon tidspunktet passar dårleg for.

Med tanke på årsrytmen i organisasjonen meine styret at juni er det beste årsmøte-tidspunktet.

Ein visar også til at det er gjort grundige utgreiingar om denne saka for bare nokre få år sidan, og konklusjonen begge gongene var at beste tidspunkt for årsmøtet var i juni.

11. Regional plan for nyskaping og næringsutvikling. Planprogram

Følgjande skriv er sendt Telemark fylkeskommune:

Styret i Telemark Bondelag har drøfta framlegget til planprogram til den regionale planen for nyskaping og næringsutvikling.

Til pkt. 2.1, statlege rammer og føringar for planarbeidet meiner vi det er rett å leggje til følgjande dokument:

St. meld. nr. 26 (2006-2007) Regjeringens miljøpolitikk og rikets miljøtilstand, og Rapport fra jordverngruppa: Klimaskifte for jordvernet, overrekt Landbruks- og matdepartementet 8. januar 2008.

Den nemnte Stortingsmeldinga frå 2006 formulerer eit politisk mål om å halvere den årlege omdisponeringa av dei mest verdifulle jordressursane innan 2010, dvs. frå godt over 11 000 dekar og ned til 5700 dekar. Rapporten frå jordverngruppa inneheld forslag til tiltak som bør iverksetjast for å nå det målet.

For 2009 syner dei førebelse tala at det er omdisponert 8130 dekar dyrka mark i Norge. Dette er litt høgare enn i 2008, men lågare enn i 2007. Uansett er det framleis eit godt stykke unna målet om halvering frå perioden før 2006. Dette viser behovet for å ha sterk fokus på jordvern på alle forvaltningsnivå, også i åra framover. Telemark Bondelag meiner dette bør gjenspeglast i planverket til fylkeskommunen.

- Den såkalla "Fjellteksten" Henta frå St. prp. nr. 65 (2002-2003), side 140 ff. Dette dokumentutdraget, frå Stortingets behandling av Revidert statsbudsjett for 2003, dannar eit viktig grunnlag for bruk, vern og verdiskaping i dei norske fjellområda, både innanfor og utanfor verneområda. Her er det mellom anna skrive:

"Initiativ som bidrar til utvikling av kvalitetsturisme med respekt for naturlege, økonomiske, sosiale og kulturelle miljøet i fjellregioner, bør dyrkes frem og støttes. (...) I samsvar med Stortingets henstilling vil hovedfokus ligge på å synliggjøre potensialet for økt turistmessig bruk av fjellområdene både innenfor og utenfor verneområdene, uten at natur- og kulturhistoriske verdier ødelegges." (side 140 i st. prp.)

Vi meiner Telemark fylkeskommune kan spele ei viktig rolle, både som planmyndighet og som partner i ulike samarbeid med andre offentlege og private aktørar, for realisere måla i "Fjellteksten" om meir og betre næringsverksemd i fjellområda i Telemark.

Til same tema vil vi peike på at driftsbygningar i landbruket vert å behandle som meldingssak, dvs. at det ikkje er nødvendig med fullstendig og ordinærbyggesaksbehandling (Plan- og bygningsloven § 81) Det vil vere ein fordel om utmarksnæring kunne bli omfatta av dei same reglane. Det ville gjere det enklare å bygge og vedlikehalde driftshusvere som trengst for å drive næringsverksemd basert på landbrukets utmarksressursar.

12. Regional plan for reiselivet. Planprogram

Følgjande skriv er sendt Telemark fylkeskommune:

Styret i Telemark Bondelag har drøfta framlegget til planprogram til den regionale planen for reiselivet.

Pkt. 1 Formål

I forslaget til planprogram står det mellom anna at det skal leggast til rette for medverknad frå interessantar på alle punkt. Vi vil poengtere at medverknad må vere eit

gjennomgående tema i planarbeidet. Skal ein nå måla for reiselivssatsinga i fylket, er det svært viktig at alle aktørar både i næringsliv og offentleg forvaltning samarbeider godt, utvekslar informasjon og drar mot same mål

Pkt. 3 Satsingsområde

Kortreist mat/lokalmat i regionen er sett som eige punkt under eit berekraftig reiseliv. Dette er bra, men for å følgje opp arbeidet med lokalmat/tradisjonsmat bør det samtidig leggst til eit punkt under kompetanse for det same. Det gjeld behov for kokkefagleg kompetanse på lokal-/ og tradisjonsmat, så vel som kompetanse på historie rundt maten, og på mat som oppleving som del av eit reiselivstilbod.

Generelt ser vi at det er eit udekkka kokkefagleg kompetansebehov omkring dei grunnleggande sidene ved den dei norske mattradisjonane ”det norske kjøkken”.

Vi vil også her understreke viktigheten av å leggje til rette for samarbeid mellom ulike aktørar som ein del av satsingsområda i planen.

Pkt 4 Organisering

Vi meiner det operative reiselivet i fylket bør vere representert i styringsgruppa, i tillegg til dei som er foreslått. Vi ønskjer også at representantar for landbruks/næringa og lokalmatprodusentane får plass i den administrative prosjektgruppa. Vi ser det som viktig å legge til rette for denne koplinga mellom reiselivet og landbruket i det vidare arbeidet med den regionale planen for reiselivet.

13. Forskrift for utvalgte naturtyper

Følgjande skriv er sendt Norges Bondelag:

Saken blei behandla på møte i styret i Telemark Bondelag 15. juni, og en vedtok slik uttalelse:

I denne omgang er det 5 utvalgte naturtyper som er valgt ut og flere vil kunne komme i ettertid. I ettertid forventer en at beitemark og naturbeiter kommer med. Verdien av å ta vare på ulike naturtyper er stor, og det er viktig å oppnå forståelse for dette ute blant grunneiere og brukere av arealene. Uten denne medvirkning og forståelse fra grunneiere/brukere vil ikke en skjøtsel la seg gjennomføre. Følgende punkter er derfor viktig:

- I en forskrift om utvalgte naturtyper bør det komme tydelig fram at det er en offentlig oppgave og ansvar å ta vare de ulike naturtypene. Det vil si at alle kostnader vedrørende bevaring og skjøtsel av disse områdene skal betales av staten og ikke belastes jordbruksoppjøret eller den enkelte grunneier/bruker.
- Det bør forventes at det inngås avtaler som gjør det forutsigbart for den som skal foreta skjøtselen.
- Det er viktig at skjøtsel av de ulike områdene kommer i minst mulig konflikt med eksisterende drift på garden og at skjøtselen i planlegges gjort på en enkel og praktisk god måte.

- I en skjøtsel av de utvalgte områder skal det tas hensyn til den ”historiske” drift som bakgrunn for utvikling av området slik det har blitt, men at den også kan gjennomføres på så ”moderne” måte som mulig.
- Ved kartlegging og registrering av områder er det viktig at grunneiere blir informert. Det skjer i for liten grad i dag.

14. Forskrift for prioriterte arter

Følgjande skriv er sendt Norges Bondelag:

Saken blei behandla på møte i styret i Telemark Bondelag 15. juni, og en vedtok slik uttalelse:

I saksgrunnlaget fra Norges Bondelag er det pekt på at kravet om økologisk funksjonsområdet på 300 meter radius for dammer med storsalamander vil skape problem for igangværende bruk for landbruket. Vi støtter denne vurderinga til Norges Bondelag.

15. Prisfastsetting landbrukseigedomar

På styremøtet i desember orienterte Ingvild Grov Korneliussen, jurist ved Fylkesmannens landbruksavdeling, om reglar og praksis for dei jordbrukseigedommar som vert seld den opne marknaden.

Prisregulering etter §9 i Konesesjonsloven gjeld bare for det som er definert som landbrukseigedommar. Nå er desse grensene heva og fastsett til 25 da fulldyrka og 500 da skog. Før var det mykje synsing, nå er det altså faste grenser. Kommunen vil ikkje vurdere overdragingar under 1,5 mill. Når det gjeld buverdi er den øvre grense heva frå 500 000 til 1,5 mill. kr. før kommunal vurdering vil skje. Endring av kapitaliseringsrente for skog er endra frå 7 til 4 (som for jord). Reine fjell- og utmarkseigedomar er framleis ikkje omfatta av konsesjonsreglane.

Tendensar til auka oppdeling av eigedommar nå, for å kome inn under konsesjonsgrensene.

Eit nytt prisrundskriv som er kome ser i praksis ut til å verke prisdrivande. Jordvern skal leggst større vekt på nå iflg. nye statlege retningslinjer og politiske signal som er gitt.

16. Ny forskrift for hald av pelsdyr

Landbruks- og matdepartementet har sendt ut forslag til ny forskrift for hald av pelsdyr på høyring. Sør Pelsdyralslag, regionlaget av Norges Pelsdyralslag, har hatt gjennomgang av dei nye forskriftene på eit medlemsmøte 16. april. Leiaren, Olav Arne Sønderland, har tatt opp med Kjell A. Sølverød om TB kan gi si støtte til deira merknader. Mellom anna er det sett fram krav om 3 le-veggar i bura i staden for 2, og etter deira syn fleire sjølvmotseiande reglar. Pelsdyralslaget fryktar at ei innføring av dennyne forskrifta slik framlegget ligg føre, i realiteten betyr ei avvikling av næringa. Organisasjonssjefhar undersøkt med Norges Bondelag, dei vil kome med i ei uttale

i saka. Sør Pelsdyrslag sine kommentarar er difor i første omgang sendt over til NB. Regionlaget har også spurt om TB kan behandle saka og støtte deira merknader. Pga kort tid frå saka var mottatt, var den ikkje saksbehandla eller sendt ut med innkallinga, og blei presenteret direkte i styremøtet.

Styret var positive på gi si støtte til Sør Pelsdyrslag sine kommentarar til framlegg til ny forskrift for hald av pelsdyr

Samfunnskontakt

17. Kontaktmøte med Fylkesmannens landbruksavdeling

Det er etablert kontaktutval i regi av Fylkesmannen som drøftar og kjem med råd til den fylkesvise forvaltninga av landbrukspolitiske saker. I kontaktmøtet deltar Telemark Bondelag, Telemark Bonde- og småbrukarlag, AT Skog, Innovasjon Norge i Telemark, Telemark Fylkeskommune og KS i Telemark.

I 2010 har det vore 2 møte samt 1 telefonmøte i gruppa. Kjell A. Sølverød og Amund Johnsrud deltar for TB.

Viktigaste saker har vore:

- Drøfting av årleg handlingsprogram for prioritering bruk av BU-midlane
- Oppsummering av bruken av BU-midlane i Telemark, investeringsmidlar (innovasjon Norge) og tilretteleggingsmidlar (Fylkesmannen)
- Bruken av kompetansemidlane i jordbruksavtala, fordelt via fylkeskommunen
- Regionale planar i Telemark for reiseliv og næringsutvikling/nyskaping. Planstrategiar og –program
- Orientering om strategiar og satsingsområde for landbruket i Vest-Telemark v/ Vest-Telemark næringsutvikling

18. Samarbeid og kontakt med Telemark Fylkeskommune

I framlegget til ny oppgåvefordeling innanfor offentleg forvaltning har Regjeringa gått inn for å overføre enkelte oppgåver til fylkeskommunen. Dei mest viktige er:

- Nedlegging av Fylkeslandbruksstyret frå 01.01.2010, og fordeling av dette organet sine oppgåver mellom Fylkesmannen (ankesakene) og Fylkeskommunen (m.a. å gi innspel til Staten framfor jordbruksoppgjera).
- Eigardel i Innovasjon Norge
- Fordeling av kompetansemidlar over jordbruksavtala (i inneverande avtale 20 mill. på landsbasis, Kr 740 000 i Telemark)

Dei viktigaste sakene i kontakten med Telemark Fylkeskommune har i 2010 vore deltaking i planprosessane knytt til Regional plan for nyskaping og næringsutvik-

ling og Regional plan for reiseliv og opplevelser. Der er det gitt fråsegner til begge planprogramma (sjå eigen saker), samt vore deltaking på dialogmøta undervegs i planprosessen.

I tillegg til planarbeidet er det gjennom Bygdevis søkt om tilskot frå dei fylkesvise kompetansemidlane. 3. mars og 14. oktober deltok Kjell A. Sølverød og Amund Johnsrud på eit møte TFK arrangerte der det vart orientert og drøfta om prosessen knytt til regelverk fortildeling av kompetansemidlane.

Den 28. april møtte Kjell A. Sølverød fylkesutvalet på deira temadag om landbruk der han orienterte om situasjonen og moglegheitene for landbruket i fylket.

8. desember deltok Kjell A. Sølverød og Amund Johnsrud på eit kontaktmøte med representantar frå Fylkesutvalet der ein drøfta fylkeskommunens innspel til dei komande jordbruksforhandlingane.

19. Om nedbygging av jord ved Tollnes i Skien

-Det er veldig positivt at flertallet i teknisk hovedutvalg i Skien kommune legger avgjørende vekt på jordvernet, når det nå avviser de framlagte utbyggingsplanene på Kjellemo ved Tollnes, sier Kjell A. Sølverød, leder i Telemark Bondelag. -Skal vi ha noen mulighet til å nå målet om å halvere utbyggingstakten på dyrka og dyrkbar jord i Norge, er vi nødt til å gjøre slike vedtak i mange utbyggingssaker framover, også i Telemark, framholder han.

-Jeg er spesielt glad for at det er et organ i kommunen sjøl som gjør denne prioriteringa til fordel for den framtidige matproduksjonen. Det betyr mye at bevisstheten og viljen til å ta vare på matjorda er godt forankra hos lokale myndigheter, så disse sakene ikke ender opp som kasteball blant ulike ankeinstanser, sier Sølverød.

-Vi merker nå en økende forståelse for og vilje til å sikre matjorda for våre etterkommere, sier bondelagslederen, og det er viktig siden nedbygging er et inngrep som ikke lar seg reversere. Den jorda som blir utbygd er tapt for alltid. Kjell Sølverød uttrykker derfor forventning til at de andre kommunene i Telemark nå vil følge Skien sitt eksempel i saker der dyrka mark står i fare for å bli brukt til utbyggingsformål.

20. Kontakt med dei politiske partia i Telemark

Brev til politiske parti som er representert i Fylkestinget i Telemark:

Telemark Bondelag registrerer at fylkespartia har starta opp arbeidet med å lage nye program framfor fylkestingsvalet i 2011. Vi har fått enkelte invitasjonar både til å kome med innspel og til å møte programkomitear. Det set vi pris på.

Fylkeskommunen har sidan førre fylkestingsval overtatt ansvaret for ei rekke felt innanfor miljø og mat- og landbruksområdet. Telemark Bondelag ber derfor fylkespartia om å vere spesielt merksame på det når dei nå skal lage nye program. På desse områda vil det krevje at ein ikkje bare reviderer tidlegare program, men tar aktivt stilling til utfordringar på fleire nye saksområde.

Vi nemner:

- Forvaltning av haustbare viltartar
- Forvaltning av innlandsfisk
- Forvaltning av vatn og vassdrag etter vassdirektivet
- Verdiskapingsprogrammet for landbruk
- Klima, areal og samfunnsplanlegging
- Rekruttering, likestilling og kompetanseheving til landbruket
- Regionale innspel til jordbruksforhandlingane og andre landbrukspolitiske prosessar

Fylket har ca 7 700 bebygde landbrukseigedommar og per i dag ca. 1 600 driftseiningar i landbruket.

Det er viktig for heile Telemark og alle som bur her at naturressursane også i framtida blir nytta som grunnlag for verdiskaping, og at det skjer på ein måte som sikrar desse verdiane over tid. For å få det til treng vi motiverte grunneigarar og dyktige yrkesutøvarar som ser seg tente med å drive langsiktig forvaltning og verdiskaping. Grunneigarar og yrkesutøvarar i landbruket har sjølve eit ansvar for å forvalte naturressursane, men mange av føresetnadene for å få til ei god forvaltning handlar i stor grad om rammevilkår og tiltak som vert avgjort av politiske styresmakter. Vi oppmodar difor dykk som representerer politikk og offentleg forvaltning i fylket om å bidra der de kan til atlandbruket og landbruksbasert næring får gode og stabile rammevilkår som sikrar det framtidige grunnlaget for drift.

Nedanfor i brevet har vi formulert standpunkt til saksområde som etter vår meining bør stå sentralt i den fylkesvise utforminga og forvaltninga av politikk ut mot landbruket. Ein del av formuleringane er alt spela inn som våre synspunkt og krav til den planlagde stortingsmeldinga om landbruket, men vi ser dei som relevante overfor dykk på fylkesnivået, òg.

- Det er nødvendig å **styrkje jordvernet** i arealplanlegginga. Vi må bidra til at Telemark oppnår sin del av målsettinga om å halvere nedbyggingstakten av dyrka jord. Særleg er dei beste jordressursane i dei sentrale områda og rundt bygdesentruma sterkt pressa. Her må ein ha en klarare politikk og et sterkare politisk ansvar. **Jordvern må vere eit klart kriterium i all samordna areal- og transportplanlegging** og i alle val av trasear og andre lokaliseringval.
- Det trengst å **styrkje investeringsordningane i landbruket**. Det er ei viktig sak for fylkeskommunen, sidan den nå kjem meir inn på eigarsida i Innovasjon Norge.
- Telemark er eit område som kan **auke produksjonen av mat** utan særleg negative miljøkonsekvensar. Vi kan utnytte areala meir til beite og grovfôrproduksjon, samt at vi har god tilgang til spreieareal for husdyrgjødsel. Det er viktig at regionale styresmakter og forvaltning er med på å leggje til rette for auka matproduksjon i Telemark.

- Vi ønskjer å **utvide definisjonen og praktiseringa av omgrepet tradisjonelt landbruk** i aktuelt lovverk til å omfatte utmarksnæring. Det gjeld mellom anna i Plan- og bygningsloven. Det er viktig for å stimulere landbruksbasert næringsutvikling, spesielt i distriktskommunane. Ein utvida definisjon gir betre vilkår for å kunne utnytte det samla ressursgrunnlaget på eigedommen, og utvide grunnlaget for sysselsetting på ein del av gardsbruka.
- **Rovviltforvaltninga** har ei todelt målsetting, det skal vere plass både til beitedyr og eit fastsett nivå av dei store rovdyra. Dette skjer ikkje lenger i Telemark, sidan beite for sau i praksis har opphørt i nedre Telemark pga. tap til gaupe. Det er derfor **nødvendig å regulere gaupestamma ned til bestandsmålet** på 12 ynglingar i rovviltregion 2 (Buskerud, Telemark, Vestfold, Aust-Agder.) Det må primært skje gjennom å auke fellingskvota ved den årlege kvotejakta på gaupe. Det må også bli lettare å få fellingsløyve på bjørn og ulv når det vert påvist skade eller oppstår fare for skade under beitesesongen. Både den regionale rovvilt-nemnda og fylkesmannsembeta i regionen står sentralt i den lokale forvaltninga i vår region og har eit ansvar her.
